

# ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 4– 2012 14. årgang kr. 50,-



**Leiar:**



## 50 år sidan Kings Bay-ulykka

Den 5. november 1962

miste 21 gruvearbeidarar livet i ein gasseskplosjon djupt inne i fjellet i Ny Ålesund. Berre ti av dei døde vart henta ut av ulykkesgruva. Det hadde vore store ulykker med mange omkomne i same gruva, tidlegare; i 1948, 1952 og 1953. Med denne siste katastrofen hadde 64 gruvearbeidarar mist livet der på halvtanna tiår. Dette vart slutten på gruvedrifta i Ny-Ålesund.

På 50-års dagen for tragedien var det ei offisiell minnemarkering i Ny-Ålesund. Til stades var pårørande, kong Harald, stortingspresidenten, representantar frå regjeringa og 28 av dei som arbeidde i gruvebyen ulykkesåret. Det vart arrangert seminar med gjennomgang av historia og dei politiske konsekvensane den statlege gruvedrifta i Ny-Ålesund fekk.

Gruvedrifta i Ny-Ålesund har aldri kome i gong att etter ulykka i 1962. Og ulykka felte ei regjering. Dei politiske konsekvensane blei utløyste då Tønseth-kommisjonen – granskingskommisjonen som vart nedsett – avga sin rapport sommaren 1963. Rapporten avdekte grove brot på tryggingsforskriftene, og dei ikkje-sosialistiske partia på Stortinget fremma mistillitsforslag mot regjeringa Gerhardsen. Framlegget blei vedteke med 76 mot 74 røyster. Regjeringa Gerhardsen gjekk av. Og ei regjering av fire borgarlege parti med John Lyng som statsminister vart skipa 25. august 1963. Det var den første borgarlege regjeringa etter krigen.

### Om innhaldet i dette nummeret

Toppoppslaget vårt er ein artikkel om to hovdebygdingar – brørne Enok Olai og Johan Nikolai Hovde – som var med på Wellman-ekspedisjonen mot Nordpolen i 1894. Dei

opplevde mykje på turen, men til målet kom dei ikkje. Det er Gunnar Ellingsen – bygdebokredaktør i Ørsta – som har skrive artikkelen. Vi trur svært få polarinteresserte kjenner til Wellman-ekspedisjonen frå før. Gunnar Ellingsen har sendt oss endå ein svært interessant artikkel, nemleg om sunnmørske stadnamn på Svalbard. Hadde du hørt om Åmdalen ved Ny-Ålesund, eller Brandallaguna på sørsida av Kongsfjorden? Les artikkelen og få heile historia servert.

I spalten Frå bokhylla skriv Arnljot Grimstad om boka Den gløymde pioneren, skiven av Jan Oskar Walsøe. Det er ei bok om polarpioneren Carsten Borchgrevink, den første som overvintra på Sørpol-landet; 1898-1900.

Per Johnson har skrive om sin første vinter som fangstmann på Edgeøya, i lag med Odd Lønø. Han skreiv dagbok på ekspedisjonen og krydrar framstillinga med utdrag derifrå. Johnson skildrar det jamne, daglege gode fangstmannslivet. Men det manglar ikkje på dramatiske hendingar og nestenulykker.

Hallvard Holm arbeidde 28 år på Svalbard. Det kan ikkje vere mange som kjenner øygruppa så godt som han. Han var der i 1962 då ulykka skjedde i gruva i Ny-Ålesund. Han har skrive om denne hendinga sett frå sin ståstad i Longyearbyen. Holm har også skrive ein artikkel om då ein han og ein kamerat gjesta Helfrid og Hilmar Nøis i Villa Fredheim i Sassen i romjula 1961. Kjøtkaker truleg av freda rein, kvit duk på bordet og lintyserviettar. Helfrid heldt orden på Kongen av Sassen Bay.

Vi har glede av å presentere tredje og siste del av Simon Flem Devold sin artikkel om jubileumsskuta Aarvak sin tur i Vestisen i 1920. Det er ein artikkel som er stor i fleire enn ei meining av ordet.

I sommar og haust hadde Ishavsmuseet besøk av to karar som begge har tenkt på korleis museet skal drivast vidare, kva som er fornuftig og nødvendig å gjere for å sikre og utvikle drift og økonomi: Sverre Måseidvåg og Stein Ørnhaei. I spalten Frå ruffen blir tankane deira nærmare drøfta.

Vidare nemner vi at Magnus Olai Eidsvoll skriv om ein håkjerringtur med Øyborg i Stretet i 1952; Stig Angelsen minnest frå Newfoundlands-turen med Veslekari i 1975 då han uventa møtte selfangstmotstandaren Brian Davis på isen; Johannes Alme skriv om boka Ishavets glade borgere av John Giæver med utgangspunkt i ein flokk grågås som flaug mot sør; ein liten stabel av årets polarbøker får ein kort omtale; nokre av arrangementa på Ishavsmuseet blir omtalte, mellom anna Brandalskonferansen om selfangsten si framtid; diverse anna småstoff er også å finne; til sist nemner vi helsingar frå styreleiar Willy Nessel og leiar i Venneforeininga, Stian Runne Brandal.

Vi som arbeider med Isflaket, vil takke lesarane våre for følgjet i året som snart er gått. Og vi takkar så mykje dei som skriv for bladet for innsatsen. Vi ønskjer alle ei retteleg god jul og eit godt nyttår!

Brandal 20.11.2012

Med helsing Finn Sindre Eliassen, redaktør

## ISFLAKET

### Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf resepsjon 700 92 004 Tlf. kontor 700 92 900, mob 95 11 76 44

**Redaksjon:** Finn Sindre Eliassen, redaktør.

E-post: [finn@ishavsmuseet.no](mailto:finn@ishavsmuseet.no), Webjørn Landmark [webjorn@ishavsmuseet.no](mailto:webjorn@ishavsmuseet.no)

Opplag 750. Årskontingent / abonnement kr. 250,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 500,-

[www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no)

[www.ishavsvenner.net](http://www.ishavsvenner.net)

[www.facebook.no/aarvak](http://www.facebook.no/aarvak)

**Forsidefoto:** Aarvak i Austisen 1979. Foto: Arne Bjørge.

ISSN 1891-9480

## Innhald

Enok nådde ikkje nordpolen	Side 4
Møte	Side 11
Frå bokhylla	side 12
Då vi møtte Brian Davis	Side 14
I stredet 1952	Side 15
Aarvak sin dramatiske tur i 1920	Side 17
Kings Bay sommaren etter	side 27
Utdrag fangstdagbok Svalbard	side 31
Brandalkonferansen 2012	Side 39
Julebesøk i Sassen	Side 46
Nokre av årets polarbøker	side 49
Nytt frå Ishavsmuseet	side 54
Helsing til Isflaket	side 55
Frå ruffen	side 57
Skulebesøk	side 59
Stadnamn på Svalbard	side 60
Helsing frå styreleiar	side 65

## Lempe draft.

Det var ein gong fraktebåten Brandaling kom inn Breisundet. Den kjende ishavsskipperen Moldskred-Sverre stod til rors. Han var kjend for å vere svært slagferdig; han var også ein glimrande forteljar. Då dei la til kai i Brandal kom der ein kar og sa at han syntest at båten gjorde så god fart. Då sa Moldskred-Sverre stolt: - Ja, den gjer så god fart at eg må ha med meg to mann for å lempe draft når oss gjeng på kysten!



# Enok nådde ikkje Nordpolen

Av Gunnar Ellingsen

I august 2005 var kona mi, Anne, og eg med "Polar Star" rundt heile Svalbard. Ein dag var vi på land på ei av Sjuøyane som er det nordlegaste "fastlandet" i Europa, og var så med båten vidare nordover i isen til vi passerte 81 grader. Det var ein flott dag, der vi såg på svært nært hald både isbjørnar og kvalrossar og flott natur, og der Kirsti Hansejordet bada mellom isflaka på Phippsøya medan ein kvalrossflokk på land såg forundra på henne!

Den dagen ante vi ikkje at to brør fra Hovdebygda i 1894 hadde vore mannskap om bord i ei skute som forliste ved dei same Sjuøyane, og at den eine av dei jamvel vart med ein ekspedisjon som likevel sleit seg vidare for om mogleg å nå Nordpolen medan den andre sleit like mykje for å kome i kontakt med andre skuter som kunne berge dei!



## Walter, Johan og Enok


Den amerikanske journalisten Walter Wellman (1858-1934) gjorde fire mislukka forsøk på å kome seg til Nordpolen, først to gonger "til lands" over polisen og deretter to med luftskip. Den første av desse ekspedisjonane hans starta fra Ålesund 24. april 1894 med skuta "Ragnvald Jarl". Opphavleg var 16 personar med i Wellman sitt følgje – derav fem amerikanarar, ein brite og ein svenske. Dessutan var sjølvsagt skutemannskapet under kommando av skipsførar Johannes Bottolfsen om bord.

Mellom dei sistnemnde var to brør fra Enokgarden i Indre-Hovden, 36 år gamle Johan Nikolai og den fem år yngre Enok Olai Hovde. Truleg hadde i alle fall Johan vore med mannskapet på "Ragnvald Jarl" tidlegare også, for denne skuta hadde tidlegare vore på bottlenosefangst (jf. nedanfor), og Johan og Enok sin yngre bror Knut Petter skreiv i eit slektsnotat i 1942 at "Johan reiste meget som bestman, smed og skytter på Buttlenosfangst og hadde elles egen motorbåt for torskefiske."



*Markeringane syner Danskøya på kartet til venstre, og Sjuøyane på kartet til høgre. Nordaustlandet er den store øya sør for Sjuøyane.*

## "Ragnvald Jarl"



*Ragnvald Jarl som skonnert i Middelhavet med Vesuv i bakgrunnen (over) og som ombygd til dampskip på kvalfangst (under).*



"Ragnvald Jarl" var opphavleg ein skonnertbrigg som vart bygd i 1873 ved skipsbyggmeister Carl Joachim Haasted sitt Skudvigens Skibsværft på Aspøya i Ålesund for eit partsreiarlag på åtte ålesundarar. Mellom desse var den utflytta örstingen Johannes Amundson Aarflot som var bokhandlar – og no altså ein åttandedels skipsreiar. Til vanleg hadde skuta eit mannskap på åtte personar.

I 1888 vart båten sold til Brødr. Kraasbye som også heldt til i Ålesund og vart utrusta til bottlenosefangst i Nord-Atlantaren som det første fartøyet frå byen. Året etter vart "Ragnvald Jarl" forlenga, fekk sett på ishud og vart ombygd til dampskip. Det vart prøvd med meir kvalfangst, men etter kvart vart båten dyr i drift og vart difor sold til Walter Wellman i 1894.

Til vanleg vart ho ført av Emil Borch Pedersen, men på Wellmann-ekspedisjonen var han med i ekspedisjonsfølget som islos.

### Ålesund

Søndmørsposten hadde fleire notiser kring "den amerikanske nordpolsekspedisjon" som avisar kalla det måndag 19.

mars 1894.

Då fekk lesarane vite at "Rangvald Jarl", ei nemning som avisar brukte nokså konsekvent seinare også – altså ikkje "Ragnvald Jarl", vart sjøsett denne dagen etter å ha vore omhyggjeleg reparert og pussa.

Måndag 2. april fortalte avisat at det førstkomande fredag skulle kome 50 hundar som skulle vere med det som no vart kalla "Den Wellmannske ekspedition". Utrustinga til ferda skjedde no i Ålesund, der også Wellman var, men dei fleste ekspedisjonsdeltakarane skulle kome om bord i Tromsø.

I ein notis torsdag 12. april stod det at fleire av dei som skulle vere med Wellman, var i Ålesund no. Det stod også at dei fornemnde hundane, 53 i talet, no var komne og var plasserte på Flatholmen "hvor de faar bevæge sig i frihed, saavidt pladsen tillader." Mange nyfikne ålesundarar var der for å sjå desse dyra: "De saa dog lidet ekstraordinære ud."

### Båttur på Hjørundfjorden

Søndag 22. april vart ein einaste lang fest for "Den Wellmannske ekspedition". Først var det dampskipstur til Hjørundfjord i strålende vêr, og særleg amerikanarane var svært oppglødde over den sunnmôrske naturen.

Seinare var det fest på hotell Scandinavie i byen, "hvor stemningen hele tiden var særdeles belivet." Det var ei rad med talar, og under festen modellerte bilethoggar Jakob Fjelde ei vellukka byste av Wellman: "Stemningen

naaede ved dens fremvisning sit høidepunkt, og hr. Fjelde blev til belønning baaret paa guldstol.” Festen varte til 4-5 tida om natta, og mesteparten av festreferatet kom difor ikkje med i måndagsavisa, men til gjengjeld desto fyldigare i torsdagsavisa.

### ”Byen var flagsmykket”

”Ragnvald Jarl”, eller

”Rangvald Jarl” som Søndmørsposten framleis konsekvent kalla båten, forlet Ålesund klokka 16 tysdag 24. april: ”En mængde mennesker havde for anledningen samlet sig paa kaien, hvor et musikkorps spillede. Ved afgangen udbragtes hurraer og salutteredes. Byen var flagsmykket. – Alle var enige om, at ”Rangvald Jarl” tog sig udmerket du, da den i solskinnet dampede afsted. Ekspeditionens deltagere saa ud til at gå reisen imøde med godt mod.”

### Forlis ved Waldenøya

Etter å ha vore innom Tromsø, der fleire ekspedisjonsmedlemer kom om bord, kom ”Ragnvald Jarl” til Virgohamna på Danskøya på nordvestkysten av Svalbard 7. mai. Der vart det lagt proviant i fall det vart nødvendig med overvintring, og så gjekk skuta vidare nordover til Sjuøyane. Lenger var det ikkje råd å kome med båt, så 12. mai vart ”Ragnvald Jarl” fortøyd ved Waldenøya som er ei av dei sju øyane. To dagar seinare drog Wellman vidare med hundesledar, eit mislukka hjelphemiddel fordi han hadde med seg hundar frå Belgia som var så godt som ubrukelege i polare strok, og fleire av desse døydde eller måtte avlivast.

28. mai vart mannskapet om bord i ”Ragnvald Jarl” overrumpla om natta av store mengder med is som ein kraftig storm hadde ført med seg, og i løpet av mindre enn ein time vart heile babord side på skuta pressa inn og fylt med vatn og isklumper. Heldigvis greidde Johan og



*Phippsøya i framgrunnen og Waldenøya i bakgrunnen er to av Sjuøyane. (Foto: Gunnar Ellingsen.)*

Enok Hovde og resten av mannskapet å berge noko proviant, klede, kol m.m. ned på isen.

### Enok forsterkar ekspedisjonen

Uruleg nok fekk dei kontakt med Wellman og følgjet hans som hadde slite seg nordover i om lag to veker – rett nok utan å ha kome seg særleg langt. Følgjet slo leir der medan Wellman drog tilbake til Waldenøya for å sjå på dei triste tilhøva.

Mannskapet hadde likevel så pass mykje proviant og utstyr elles, at Wellman valde å dra tilbake til ekspedisjonsdeltakarane sine og prøve å kome seg vidare i retning Nordpolen.

No tok han med seg to av mannskapet som begge var ”villige, kraftige karer” i flg. Helge H. Alme som var ekspedisjonen sin meteorolog. Desse to forsterkingane var Ole Sandbu frå Gudbrandsdalen og fornemnde Enok Hovde. Ekspedisjonsdeltakarane var mykje plaga av snøblindskap og ikkje minst av mageproblem på grunn av til dømes einsidig mat og ukritisk drikking av snøvatn.

Det hjelpte både på helsa og humøret at det skaut ein isbjørn som dei steikte kjøtet av på isen og dermed fekk ein kjærkompen variasjon i matfataet sjølv om det vart ein sterk bismak av tran.



Eit slikt dyr vart eit kjærkome innslag i matkosten for Enok og dei andre ein dag tidleg i juni. (Foto: Gunnar Ellingsen.)

### "Kane", "Lockwood" og "Parry"

Det var uråd kome seg nordover gjennom den tette pakkisen, og ekspedisjonen sine tre små aluminiumsbåtar – "Kane", "Lockwood" og "Parry" – med alt utstyret om bord laut dragast på isen søraustover mot Nordaustlandet. Det vart altså nesten i heilt motsett retning av Nordpolen.

Etter fire-fem dagar med knallhardt slit kom dei til nokonlunde ope farvatn. Det var uråd å få plass til hundane i båtane, så dei siste 26-28 vart no skotne. Mennene fordele seg på dei tre båtane, og Enok Hovde og styrmann Emil Ellefsen frå Hammerfest vart plasserte i den 18 fot lange "Parry" saman med ekspedisjonsleiar Wellman og tre andre amerikanarar.

Etter bortimot eit døgn med samanhengande arbeid og roing slo alle saman leir på eit isflak og la seg stuptrøytte til å sove, "snart hørtes kun vagtmandens taktfaste skridt på isen." Men berre eit par timer seinare vart alle purra i all hast, for ein kraftig vestavind og store drivisblokker begynte å knuse isflaket som leiren var på, og "Alle mand begyndte derfor øieblikkelig i mer eller mindre mangelfuldt kostume at trække alt over på et sikrere sted, og så gikk man tilkøis igjen."

Dagen etter var det framleis frisk vind, så Wellman avgjorde at dei no skulle bruke segla på båtane, og "Parry" skulle slepe den mindre båten "Kane". Brått vart begge desse båtane

overfløynde av sjøvatn. "Kane" vart først berga opp på isen, og så greidde Enok Hovde og Ellefsen å berge "Parry" også medan dei fire amerikanarane sat om bord!

Wellman gav seg ikkje, og dagen etter vart kursen sett nordover att mot Karl II's øy. Det gjekk seint, både på grunn av den vanskelege skruisen og fordi Wellman reduserte matrasjonane nokså mykje. Det hjelpte rett nok litt så lenge dei kunne ete hundekjeksane som var til overs no når hundane var avliva.

### "Op alle mand!"

Ei natt vart Enok Hovde og dei andre vekte av vaktmannen sitt uhyggelege rop: "Opp alle mand! Isen skruer!" Den høge isveggen kom mot dei og truga med å knuse både båtane og alt som elles var i vegen. Heldigvis rakk dei å berge seg unna denne gongen også.

Det vart stadig verre å kome seg nordover. Etter eit par dagar med stritt arbeid gav Wellman seg, og Helge Alme skriv at "I temmelig dårlig humør satte vi så kursen indover mod Nordostlandet igjen. Den evindelige håbløse kamp mod de vældige ismasser og den gnavende hunger begyndte så småt at nedslå vårt mod og knække vår energi."

Eit par kilometer frå Nordaustlandet greidde dei ikkje meir den dagen, og slo derfor leir på isen. Tre mann vart sende av garde for å finne drivved, men i staden kom dei over ein reinflokk og skaut åtte av dyra. Nokre av mennene var no så svoltne at dei åt rått kjøt medan dei venta på at resten skulle verte ferdig kokt og steikt, og "Dette blev den første aften siden afreisen fra "Ragnvald Jarl at vi gikk tilkøis nogenlunde møtte."

Neste dag kom dei seg inn til Nordaustlandet og fekk fast grunn under føtene for første gong på vekevis, og dei fekk også drikke fersk og friskt vatn som smakte svært godt etter fleire veker med smelta snøvatn.

### Tilbake til Waldenøya

17. juni vart fire mann sende av garde med "Kane" i retning Waldenøya, utstyrt med proviant for 25 dagar. Enok Hovde var mellom

dei som vart att på Nordaustlandet og seinare på Indre Repsøya. På den siste staden låg dei frå jonsok til 1. juli og venta på betre istilhøve, for Wellman hadde enno ikkje gjeve opp vona om å kome seg langt nordover att.

Åtte mann drog med båten ”Lockwood”, medan fire – mellom dei Enok Hovde – skulle vente med ”Parry” i fem dagar for å sjå korleis det gjekk med framdrifta til dei i ”Lockwood”. 4. juli, på amerikanarane sin nasjonaldag, gav dei opp på grunn av den endelause pakkisen som var oppdelt i så pass små flak at det var uråd å slå leir på nokon av dei.

Ferda tilbake til mot Nordaustlandet og så vidare til Waldenøya vart også svært strabasiøs fordi den sterke sola som skein natt og dag, tinte det øvste laget av isen som mennene gjekk på medan dei slepte med seg båtane og utstyret. Det hende at karane forsvann ned i isen både til knes og til oppunder armane.

22. juli kom Enok Hovde og Wellman og dei ti andre tilbake til Waldenøya der dei siste fem av mannskapet på ”Ragnvald Jarl” framleis heldt seg, og vart mottekne med dynamittsalutt frå toppen av øya. Der slappa dei slitne ekspedisjonsdeltakarane av i nesten 14 dagar: ”Vi bestilte ikke stort andet end at sove, spise, drikke og spille whist” og venta på at det skulle verte isfritt hav sørover anten på vestsida eller på austsida av Spitsbergen som er den største avøyane på Svalbard.

### Johan dreg etter hjelp

Medan ekspedisjonen framleis var i området kring Nordaustlandet, hadde fem personar drege sørover frå Waldenøya med ”Kane” den 28. juni for om mogleg å finne ei skute som så kunne hente resten av Wellman sine folk og dei fem attverande matrosane frå ”Ragnvald Jarl”.

”Ragnvald Jarl” sin skipper Johannes Bottolfsen var leiar for dei fem om bord i ”Kane”, og dessutan vart matros Johan Hovde med på denne ferda. Det vart mykje slit bitande frost og ”adskillige farefulle eventyr” om bord i den 12 fot vesle båten, til dels over det opne og store havstykket mellom Sjuøyane og Spitsbergen. Ei tid rodde Johan Hovde og ein

annan kar, medan dei andre auste for livet, og fem gonger rauk årestroppa til Hovde.

Lenger sør vart det for risikabelt med fem mann i båten, så då rodde dei vande sjøfolka Bottolfsen og Hovde lange strekningar medan dei tre andre gjekk langs land.

### Våte lunter og oppbrukte fyrstikker

I Liefdefjorden, gjekk Bottolfsen og Johan Hovde opp på eit fjell for å speide etter skuter i Raudefjorden, og dei tok med seg dynamitt og lunter slik at eventuelle sjøfolk kunne høre og sjå dei. Dei såg ikkje mindre enn sju skuter, men luntene var våte og alle fyrstikkene vart brukte utan at ein einaste salutt vart skoten. Dermed vart Bottolfsen og Hovde ikkje sett, og slukøyra måtte dei gå ned att til dei andre.

Dagen etter rodde Bottolfsen og Hovde over 20 km rundt Reinsdyrlandodden til Raudefjorden medan dei tre andre gjekk over fjellet. Skutene låg der framleis, og Johan Hovde rodde for livet medan Bottolfsen vifta med eit segl for å bli sett. Dei kom seg om bord i ei av skutene, og kameratane på land jubla av glede, men etter ei stund segla skuta vidare utan Hovde og Bottolfsen og dei andre. Det er uvisst om dei vart usamde med skipperen om bord om vilkåra, eller om sistnemnde ikkje ville forlate fangstfeltet.

Men etter tolv timer kom ei jakt som heitte ”Malygen” mot stranda med fulle segl, og alle fem fekk då vere med til Virgohamna på Danskøya. Dit kom dei 23. juli, meir enn tre veker etter at dei drog frå Waldenøya og etter å ha segla og drege ”Kane” over 70 sjømil (om lag 130 km), og derifrå fekk skipper Bottolfsen og tre av dei fire andre, mellom dei også Johan Hovde, vere med ”Malygen” vidare til Tromsø. Der skulle skipperen prøve å få tak i ei skute som kunne hente Wellman og dei andre som var att på Waldenøya.

### Frå Waldenøya til Tromsø

Etter at Walter Wellman og Enok Hovde og dei andre som hadde vore att på Waldenøya, hadde kvilt seg ut i bortimot to veker, bestemte dei seg for å fare sørover med to av småbåtane som hadde tilhøyrt ”Ragnvald Jarl”. Dei drog 4.

august, og allereie to dagar seinare fekk dei kontakt med jekta "Berentine" som var eigd av ein skipper Johnsen frå Tromsø. Etter noko diskusjon vart det til at "Berentine" sette segl for Danskøya med heile 35 personar om bord. Amerikanarane vart plasserte i kahytta, medan dei andre innretta seg så godt som råd under dekk. Helge Alme skriv at "Det var jo ikke det mest komfortable logi, vi på den måte fik, da underlaget blev noget hårdt og ujevnt, og det halvrådne sælspæk udbredte en avskyelig stank. Men vi var ikke egentlig forvænte fra før af heller."

Dei fekk vere med "Berentine" heilt til Tromsø og kom dit den 16. august. Der fekk dei vite at Bottolfsen hadde reist nordover att med "Malygen" tre-fire dagar tidlegare, så dei to skutene hadde altså sigla forbi kvarandre ein stad ute på havet utan å møtast.



*Virgohamna på Danskøya, dit Johan Hovde og fire andre kom etter meir enn tre veker med harde strabasar. Herifrå starta svensken André si tragiske ballongferd, og herifrå mislukkast også Wellman sine luftferder i 1906-07 og i 1909. (Foto: Gunnar Ellingsen.)*

### "Expeditionens dygtigste menn

Som før nemnt, laga Knut Petter Howden ein "Slægtsfortegnelse" i 1942. Han var i Minneapolis på den tida då brørne Johan og Enok sleit på Svalbard i 1894. I slektsnotatet i 1942 skreiv Knut Petter dette:

### Wellmans Nordpolexpedition.

*Americaneren Wellmans Nordpolsexpedition med Ragnvald Jarl i 1894 var mine brødre med. Johan som bestman og Enok som da var komt heim fra Amerika blei tolk for americanerne og blei også med expeditionen mot polen, som blei en meget hård og strævsom tur og medlemmene led ofte meget ondt, og måtte til slut gji op vandringen i de veldige ismasser etter å ha nådd 87 grader N.?*

*Jeg som da var i America og læste den ros som mine brødre der var særlig rost som Expeditionens dygtigste menn. Enok var der fremhevret for sin dygtighet og kvikke humør tross alt slit og stræv. Johan som var igjen om bord fikk også sin prøve da skuten blei skrudd ned av*

*ispresset etter å ha bjørget en del som var løst. Så reiste Johan med noen menn i en liten båt og kom endelig frem til en fangstskute som han fikk leiet og med den til Tromsøy og fikk der en skute at hente heim den mislygte expedition, for da han kom med den nye skuten var isvanderne komt tilbake. De hadde blidt lens for sin proviant, så de måtte dræpe hundene og leve på hundekjeken.*

*Enok giftet sig da og tok farsgarden, men han var tilbuddt fin plass hos dokteren som vilde ha ham med til America, men nu blei han i flere år fangstmann på kvalfangst.*

### **Enok og Johan**



*Enok K. Hovde fotografert i Minneapolis kring 1890. (Foto Opsahl, Minneapolis – Utlånt av Einar Flø.)*

Både Enok og Johan Hovde må ha merkt seg ut mellom mannskapet på "Ragnvald Jarl". Enok var ein av dei to matrosane som Wellman forsterka ekspedisjonsfølgjet sitt med, og Johan var den av mannskapet som vart utplukka til å vere med "Kane" på den svært strevsame ferda sørover for å få kontakt med fangstskuter.

Helge Alme skriv for øvrig at "Af expeditionens mannskab var ubestridt nordmændene både de kraftigste og mest udholdende."

Begge brørne slo seg til heime i Indre-Hovden, Enok heime i Enokgarden og Johan på Sagatun, og begge var gardbrukarar og fiskarar. Enok var også landpostbud på Sørestranda frå september 1924 til han døydde 71 år gammal 9. januar 1934.

Han hadde også vore nokre år i Minnesota frå mai 1887 og var truleg nokså nyleg attkommen då han vart med på Wellman sin ekspedisjon.

Ragnar Standal nemner i utvandrarsoga "Mot nye heimland" at Enok var tolk på ekspedisjonen, og engelskkunnen hans kan ha vore ein medverkande grunn til at han som nemnt vart med ekspedisjonen då denne drog nordover frå Waldenøya.



*Johan K. Hovde og andrekena Helene Bertine K. Synnes Roald. (Foto utlånt av Einar Flø.)*

### **Walter Wellman**

Som nemnt innleatingsvis, gjorde Walter Wellman fleire freistnader på å kome seg til Nordpolen. I 1898/99 gjekk han på ski frå Franz Josefs land, og i 1906/07 og 1909 prøvde han seg med luftskip frå Danskøya på Svalbard. Alle desse ekspedisjonane hans mislukkast, særleg i 1906 då luftskipet "America" bles over fjorden og havarerte rett før avgang. Året etter kom han seg i alle fall opp i lufta og flaug nokre mil, og det skal ha

vore første gong eit motorisert luftskip hadde floge i Arktis.

Det gjekk ikkje så mykje betre med Wellman sitt forsøk på å fly over Atlanterhavet med luftskip i oktober 1910, men då sette han i alle fall ny lengderekord med luftskip sjølv om han ikke kom lenger frå USA enn til Bermuda.

\*\*\*

Til denne artikkelen har eg fått godt hjelp frå Einar Flø som er dotterson til Enok Hovde.

G. E.



## Møte

Ishavets Glade Borgere – John Giæver.

Det heile starta med ei melding på det sosiale mediet Twitter. Grågåsa flaug no mot sør.

Denne meldinga fekk meg tankefull, og eg begynte å skulle rekapitulere innhaldet i ei historie i ei John Giæver-bok eg hadde lese for mange år sidan.

Det gjekk som det ofte gjer når ein tenkjer på noko, utan å kome heilt fram til svaret. Eg gjekk i polarboksamlinga i kjellaren og begynte å leite etter den historia.

Eg vart sitjande på golvet mens eg leita. Berre framsida på bøkene fekk meg til å mimre om Giæver sin skriveglade galskap, som mora meg stort, og som eg i inspirerte stunder forsøkjer å etterlikne i form.

Eg flira berre av tanken på Isbjørnjakt i Sparebankens festsal, Rak Røye frå Nordpolen og liknande historier. Men no var det ei litt anna side av Giæver sitt forfattarskap eg leite

etter. Boka eg leitte etter heiter Ishavets glade borgere, kapittelet eg jakta på var Møte.


Her er det den eldre fangstmannen som går på besøk til sin gode fangstkamerat på kirkegården, som kjem til orde. Det er juni, og dette årvisse besøket finn stad på den dagen dei første plogane med grågås flyg høgt over Tromsø by på veg mot landet i nord.

Fangstmannen steller grava til sin døde kamerat, men i staden for roser deler dei to kameratane ei flaske. Det er mange minne dei to deler i løpet av stunda på gravlunden, frå tida Giæver kallar ubendige ungdoms vår, med lyse netter med liv og røre. Via ein villfugl som iblant trakkar feil i byen. Til den gamle mannen si einsemd og lengt mot livet og landet i nord.

Denne historia er ganske anonym blant Giæver sine mange bøker. Men på sitt vis sette den merke og gjorde meg tankefull. Og grågåsplogen? Ja, grågåsa minner meg om historia Møte.

Brandal 29.09.2012

Johannes Alme



# Den gløymde pioneren

Av Arnljot Grimstad

Carsten Borchgrevink (1864 – 1934) er eit namn ein støyter på i polarlitteraturen. For meg har han til denne tid vore "han som først overvintra i Antarktis", ikkje meir enn det. No er det kome ei bok om personen og ekspedisjonen hans 1898-1900.



Portrett av Carsten Borchgrevink. Bildet er tatt i et studio i fullt polarutstyr.

Det er uklart kva arbeid han hadde der første tida, men frå 1893 var han lærar i språk og naturfag på ein skule.

I 1894 kjem tonsbergskuta Antarctic til New South Wales, dei skal til Antarktis, utsendt av Svend Foyn som er på jakt etter nye kvalfangstfelt.

Kort fortalt, den polarinteresserte Borchgrevink greier å få plass skuta, og på denne reisa ror dei i land på Kapp Adare, og Borchgrevink syter for å hoppe først i land, står det i boka. Skipperen på Antarctic og ein matross påstår

Veivisere under Sydkorset er ført i pennen av Jan Oskar Walsøe, og utgitt av Sophie Borchgrevink Nordrum og Ivar O. Norum, Fåvang 2012. 225 sider. I leksikonet står det at Borchgrevink vaks opp i Christiania, og etter skulegang og utdanning utvandra han til Australia.

at dei var først i land. Kaptein Kristensen skriv:

"Jeg sad under roinga paa Baatstevnen, og da Baaden tørnede mot Land, lod jeg meg glide ned paa Stranden med de Ord: "Nu er jeg den første der har sat min Fod paa Syd Viktoria Land".

Umiddelbart derefter hoppede Carsten Borchgrevink ..."



Datoen er 24.januar 1885, og dette vert lenge rekna som den fyrste landstigninga på Sørpollandet. Borchgrevink set i gang med å leite etter plantar på stranda, og han finn mellom anna lav. Turen med Antarctic er konfliktfull, men Borchgrevink reiser heim med planar om ei overvintring.

## Finanseringa i orden

Borchgrevink vart møtt med velvilje, fekk legge fram planane sine, men økonomisk støtte var det verre med. Å utruste ein ekspedisjon var eit stort prosjekt, og her i Noreg var Nansen det store namnet den tida. Det vart mykje slit og strev, men til sist får han dette spørsmålet. Det er den britiske forleggjaren Sir George Newnes som spør: "Og De kan tenke Dem å lede en ekspedisjon finansiert av andre enn nordmenn og under et annet flagg enn det norske?" Borchgrevink svarar: "Det er, Sir, ikke viktig hvilket flagg ekspedisjonen seiler under ..."


Sir George Newnes, som også er parlamentsmedlem, spør om 35 000 pund er nok, og Borchgrevink stadfestar at det vil halde.

På dette tidspunktet har Borchgrevink både kone (britisk) og ein son, Ridley, men han set optimistisk i gong med konkrete planar og det er mykje som skulle på plass.

Ekspedisjonen får namnet The British Antarctic Expedition, og skuta heiter Southern Cross

(Sydkorset). Stuerten er svensk, dei 18 andre av mannskapet er nordmenn.

Overvintringsgruppa er samansett av tre britiske vitskapsmenn og sju nordmenn, to av dei er samar, ein kjenning som er dokter i Finnmark plukkar dei ut, Borchgrevink tenkjer at dei skal ha ansvaret for dei 90 hundane som er samla på dekk.



### Til Antarktis med Sydkorset

22.august 1898 sigler Southern Cross frå London, og etter ein lang siglas kjem dei den 17. februar 1899 til Kapp Adare.

Borchgrevink har planlagt godt. Ein må hugse på at han har ikkje hatt så mange å rådføre seg med. Savio og Must, dei to samane, kan ingen ting om hundekøyring, men dei har kunnskap om kle og fotty. Dei har med mykje sennegras og reinsskinn, og peskar viser seg å vere veleigna.

Gjennom heile boka får Savio og Must dei beste skussmål, ja, faktisk er det mykje dei å takke at ekspedisjonen/overvintringa lukkast.

30.juli 1899 skriv Borchgrevink: " Jeg innfrier her mit Løfte til disse kække Gutter, naar jeg meddeler at vi andre i Kulden maatte søge lappernes Hjælp med Hensyn til Skotøi og Klædedrakten."

Camp Ridley vert leiren kalla, og han vert lagd der Borchgrevink trur er beste staden, det meste må improviserast, så det står ofte om livet. Her skal ikkje innhaldet i boka refererast, men fleire gonger er det berre lukke som gjer at det ikkje går liv, det er snøras, steinras, ekstrem kulde og uventa orkanar, snøstormar, løynde, djupe bresprekkar, mange gongar kunne det ha gått liv.

Zoologen, nordmannen Nicolai Hanson, vert sjuk, og dokter Kløvstad forstår ikkje kva som feiler han. Han prøver med mange sortar medisin, men det er nyttelaust, Hanson dør. Med dynamitt skyt dei ut ei grav på toppen av Kap Adare. Der vert Nicolai Hanson gravlagd i oktober 1899, han er det fyrste menneske som vert gravlagd på Sørpollandet. Hanson gjorde ein flott forskningsinnsats så lenge han greidde det, fortel boka.

\*\*\*

Scott og Amundsen som seinare reiste til Sørpollandet henta nok kunnskap og praktisk nytte frå Borchgrevink si pionerovervintring, men dei nemner han visst ikkje med eit ord.

Borchgrevink meinte at han fekk ikkje den ros og heider som han rettkome burde ha fått. Men han vart iallfall utnemnd til riddar av St. Olavs Orden!

Borchgrevink la fleire ekspedisjonsplanar til Antarktis, men det rann ut i sanden.

Veivisere under Sydkorset er på mange måtar ei interessant og velskriva bok, men det vitnar om hastverksarbeid når det er så lite biletar, og bilettekstar er fråverande. Det er også eit stort minus at boka har ikkje eit einaste kart (!) NB! For å finne fødsels- og dødsåret til Borchgrevink måtte eg gå til leksika.

Arnljot Grimstad  
Gurskøy

## Då vi møtte Brian Davis.

Av Stig Angelsen

Året er 1975. Ishavsskuta Veslekari er på plass i fangstfeltet på Newfoundland. Etter 9 døgn med overseiling og eit møte med rederiskuta Veslemari inne i isen, er det klart for fangsting. Det skal fangast 7800 grønlandssel og 1400 klappmyss. Det er kvota kvar skute har. Det er første året med kvotetildeling pr. skute. Men først skal det fangast ca. 3000 til 3500 kvitungar. Det er startskotet til dette vi ventar på ute på isen, og det er mykje dyr rundt oss.



Veslekari nedisa på Newfoundland 1975. Foto frå Stig Angelsen, Ishavsmuseets arkiv.


Dette er ei tid med mykje demonstrasjonar mot selfangst og især fangst av kvitungar, "white coat".

Det er høgt opp på den politiske agendaen internasjonalt og på utanriksministernivå i Norge.

Spesielt ein organisasjon som IFAW – International Foundation for Animal Welfare er svært aktiv.

Den største aktivisten angåande selfangst er kanadiaren Brian Davis. Han er blitt A-kjendis internasjonalt etter demonstrasjor utanfor norske ambassadar. Også i Paris, med filmdivaen Brigitte Bardot som venn og

støttespelar. Til slutt er amerikanske miljø som Hollywood også engasjert. Han har møte med den norske utenriksministeren også. Til slutt ender det med at EU forbyr import.



På isen 1975. Foto frå Stig Angelsen, Ishavsmuseets arkiv.

Medan vi står der på isen og ventar på at fangsten kunne starte, hører vi helikopterlyd. Et lite helikopter landar et par hundre meter unna. To menn kjem gåande mot oss. Vi er tre stykke som står i lag litt unna dei andre fangstfolka.

Dei kjem bort til oss og presenterer seg høflig. Den eine er Brian Davis, og han kjenner vi att frå media. Han spør kor det står til, og om vi har post, han kan ta det med til land. Det har vi sjølv sagt ikkje.

Han ber oss så om å tenkje over kva vi skal til med. Er vi fornuftige, så avsluttar vi fangsten her og no, og seglar heim. Vi seier høflig at det går nok ikkje. Så sier han at han trur det vil gå ut over nattesøvnen vår. Dei trekker seg tilbake og fer vidare.

Der tar han nok feil. Etter ein lang dag på isen sov vi godt.

Det har gått ein månad i isen og vi har full kvote og seglar heim. I godt ver denne gongen. Hetsen mot "White Coat" -fangstinga held fram. For å gi den god effekt, kjem det

påstandar om inhuman avliving av selen. Som flåing av levande dyr blant anna. Dette blir enda til ”dokumentert” på film.



*Polaris på Newfoundland 1975. Foto frå Stig Angelsen, Ishavsmuseets arkiv.*

Ut på sommaren dette året kjem det telefon der ein blir bedt om å møte opp i Fiskernes Hus i Ålesund. For nettopp å sjå ei slik film. Den er laga av Brian Davis og hans organisasjon, blir det hevda.

Representantar frå rederi, myndigheter, næringsdrivande og fangsfolk frå fleire skuter møter opp. Der er også ein spesialist på filmopptak med effekter...

Ingen kan identifiserast på denne filmen og konklusjonen er juks og filmtriks. Men klart skadelig for næringa ettersom den er mangfoldiggjort og spreidd rundt.

Som ivrig lesar av Isflaket, tenkte eg at dette kunne vere ei litt annaleis historie frå ishavet. Då eg tenkte å bruke navnet til Brian Davis i artikkelen, tenkte eg at eg måtte ha løyve.

Eg gikk inn på heimesida til IFAW og spurte etter han. Dette er ca. eit år sia. Han kom til slutt tilbake med eit sparsomt svar der han bekrefta at han arbeidde i organisasjonen enno, bodde i USA, og var ”very busy all the time” Men då eg fortalte at vi hadde møttest på Newfoundlandsisen i 1975 tødde han fort opp og ville gjerne bli omtalt ”in a norwegian magazine”. Han lurte på om det var oss han hadde delt sandwich med der borte. Det var det nok ikkje, så han besøkte nok folk frå fleire skuter.

Han seier også at han aldri var ute etter fangstfolka. Politikarane var målet hans. Vi har maila litt og han fekk lenka til Ishavsmuseet si heimeside, og fortel at han har vore innom og sett.

Han kalla det ”interesting” og er ikkje framand for et eksotisk intervju med Isflaket. Men det er ei anna historie.

\*\*\*\*\*

## I Strebet 1952

Av Magnus Olai Eidsvoll

Det eg skal fortelle denne gong er turen med ”Øyborg” i Strebet på hækjerringfiske i 1952: ”Veslekari” hadde gjort sin siste tur og måtte erstattast av ei anna skute. Per Kvien leigde då ”Øyborg”.

Komne fram, prøvde vi først i Storfjorden, men der var det lite med kjerring, så vi gikk sør til Umibukta. Der var det rikeleg med slingsekjerring. Vi måtte slakke litt på linedraginga, for det låg ofte 4 -5 stykke ut for sida, som venta på å verte hivd om bord. Mange var så tunge at det var berre haudet som kom over rekka.

På eitt døgn var alle bingar fulle av kjerring, så då var det berre å snu heim med full fangst. Vi var komne nesten til Island, det var kvelden og vi var komne forbi området der isfjellfarene var størst, meinte vi. Rolf Haugen og eg hadde vakt og sat i bestikken mens båten passa seg sjølv. Den gikk så strake beint at den greidde seg utan styring. Vi kika av og til ut glaset, då vi brått såg tallerkenis dreiv etter skutesida. Vi i full fart fram i styrehuset, men sikta var därleg. Men så fekk viauge på noko stort grønt i høgde med mastetoppene, og vi på roret begge to og fekk svinka til babord. Det var for lite tid eller plass til å bakke. Vi seilte forbi ISFJELLET med 5-6 meters klaring. Alternativet var totalforlis. Fullasta gamal trebåt i full fart ville vore utan sjanse mot isfjellet. Livbåten vår hadde ikkje holdt seg flytande i 5 minutt. Den var eldgamal, sprukken og full av diverse utstyr som vi måtte lagre der grunna därleg lagerplass.



# VS Poland Sp. z o.o.

Tlf nr 95070668

*Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål  
- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport  
/fritid - trykksaker*

*Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing*



Stiftelsen UNI

Bagstadveien 36,  
0255 OSLO

Tel/fax:  
23 38 60 60

[www.stiftelsen.uni.no](http://www.stiftelsen.uni.no)

Det norske samfunn  
er tuftet på kystkulturen

Stiftelsen UNI støtter  
vern av historiske fartøy

Hvert år deler Stiftelsen UNI ut  
ca. 30 millioner kroner til verne-  
verdige prosjekter. Styret imøteser  
søknader som faller inn under  
stiftelsens formålsbestemmelse.

Stiftelsen UNI behandler  
søknader løpende gjennom  
hele året.

Stiftelsen UNI har som ideelt formål å  
fremme allmennytig virksomhet innen  
skade- og miljøvern, for å bidra til en trygg  
utvikling i det norske samfunn. Stiftelsens  
bidrag skal i første rekke være økonomisk  
støtte til prosjekter og påskjærmelse til  
institusjoner og enkeltpersoner.

## Hallgeir Teigene

### Hønseri

Beste egg direkte frå  
hønseriet

Tlf. 700 92 642 - 700 94 911

6060 Hareid

## SKREDDARSYDDE PRESENNINGAR



### PLANY

PLANY AS NO-6082 Gursken NORWAY T: +47 70 02 68 20 F: +47 70 02 68 21 salg@plany.no www.plany.no

www.hjelpevara.no

## Det store Øyeblifikket.

Av Simon Flem Devold.

(tredje og siste del om Aarvak sin dramatiske tur i 1920)

Året er 1920, måneden er mai.

Ishavsskuta "Aarvak" er løftet opp på ett svært isflak i Vesterisen, og ligger kantret oppe på flaket.

Mannskapet på 14 mann håper at skuta på en eller annen måte skal havne hel i sjøen - ellers er det nok liten sjangse for å komme levende hjem fra denne turen. Stuerten ombord, Ingvald Lorgen, forteller:

- Det fine veret holdt seg, sol og klarver, med sikt bortover isflata helt inn til den uendelig fjerne fjellheimen på Grønland. Den øyeblikkelige faren var over, og vi skjøv angsten tilside. Jeg for min del visste jo at mat er den beste angstfordriver, og så det som min plikt å gjøre alt så variert og velsmakende som mulig. Nå var det riktig latmannsliv ombord, det var ingen ting å ta seg til, bare spise og sove. En av karene hadde med seg to par boksehansker, og det ble mang en vennskapelig dyst på dekket.



«Boksekamp» på dekket til Aarvak ca 1935.  
Foto fra Ragnar Bjørlykke.

- Skuta krenget ikke mer enn at dekket kunne brukes som boksering?
- Internasjonal standard holdt vel ikke arenaen, men det gikk da and å fote seg, selv om vi lå godt på skakke.

Verst var jo krengingen for meg, som måtte koke på en komfyr som stod aldeles på skeive. Vannet stod på skrå i kokekar og gryter, men en venner seg til alt. Hadde det vært oljefyrt bysse, så hadde vi vel ikke kunnet koke i det hele tatt, men jeg var heldig og hadde kullfyring.

Noen av de barskestede av guttene fant moro i å bade i dampmene som dannet seg på isen, men ellers var nå maten den mest kjærkomne avvekslingen i de lange dagene - det var dagslys døgnet rundt.

Når jeg hadde kokt mat, gikk jeg bak i kahytten med fat til "offiserene" først. Det var skipperen, de to skytterne, maskinisten og jeg. Så delte jeg ut porsjoner til mannskapet, og hver mann kom og hentet sin mat, som de oftest spiste nede i lugaren forut.

En av karene var så ustyrtelig glad i potetball. En dag jeg hadde laget ball, var det fire baller og ett stykke kjøtt til hver. Nå var det flere som ikke greidde mer enn tre, så da alle var ferdige med å spise, spurte han som var så glad i ball

om han kunne få det som ble til overs.

Det ble seks ekstra baller på han. Da sier en av karene: - Du skal få ti kroner hvis du greier å spise alle seks, attpå dine egne fire.

- Tilbudet ble godtatt, og så satte karen seg til å ete. Han fikk ned alle seks, og kameraten ble ti kroner fattigere. Så la storeteren seg ned på køya, rapte, foldet hendene og sa: - Nå skal det bli godt med en middagslur! –

Til kaffen stod han ikke opp, men til kveldsmaten var han i full vigør igjen, og kom

opp i byssa: - Det skulle vel ikke være noen baller igjen etter middagen, stuert ? -



*Stuert Ragnar Bjørlykke med suppeterinen om bord i Aarvak ca 1935.*

Ball og klippfisk var kjærkommen avveksling fra alt isbjørnkjøttet. Det er godt nok, både som biff og steik, men samme hva slags mat det er, så blir en lei om en får for mye av det.

- Dere prøvde dere ikke med bjørnelever?  
- Det gikk en historie om en annen båt noen år tidligere. Stuerten der het Molvær, en dugende kar som jeg kjente godt. Han var en av disse stuertene som må prøve alt mulig - en god egenskap, som kan komme til nytte i vanskelige situasjoner, men som av og til kan være litt farlig også. Karene på denne skuta hadde tatt en del isbjørn, og hadde vel spist seg lei på bjørnebiff. Så hadde stuerten funnet ut at han skulle prøve seg med stekt bjørnelever en dag. Joda, det likte mannskapet godt, og det ble spist både godt og mye.

Ei stund senere - ingen vet hvor lang tid som var gått - kom tilfeldigvis en annen båt forbi. Den nærmet seg til præiehold, men ingen svarte på tilrop. Skipperen gav ordre om å gå helt inn til skutesida, og da så de at det ikke var levende liv hverken på dekk eller i rorhuset. Heldigvis så var det bra vær, så det var en smal sak å borde. Da de kom under dekk, fant de hele mannskapet i køyene Bare skipperen leit litt på seg da de forsøkte å vekke karene.

Det kunne ikke finnes annen forklaring på dette enn at det måtte vere bjørneleveren som hadde forgiftet alle mann, og hadde virket som den sterkeste sovemedisin. Heldigvis så var det maksvær. I storm og uvær ville skuta vært dødsdømt med sovende mannskap.

Denne hendingen fikk ikke alvorlige følger - da guttene hadde fått sovet ut, kom de seg fort, og fullførte turen. Det ble sagt at bjørnen er av samme slekt som hunden, og som alle vet er hundekjøtt, og særlig innmaten av bikkjene, svært giftig.

- Jeg har da selv spist hundekjøtt - i Thailand -. - Ja, ja --- du ja -. - Fridtjof Nansen sier at han har spist bjørnelever ett par ganger uten å kjenne noe som helst ubehagelige følger, men han innrømmer at han ikke spiste mye, fordi han hadde nok av annen mat, og fordi at også han hadde hørt om at leveren skulle vere farlig.  
- Vi torde oss i allefall ikke til så mye som å smake på lever eller annen innmat. Skipper Landmark var vel informert om hvilke deler av bjørnen som var holdt for å vere spiselige, og vi hold oss til det han sa.

- Men slikt kan vel ofte være overtro. I papirene fra Barents-ekspedisjonen i 1596 heter det at alt kjøtt av isbjørn er svært giftig.,

- Det er altså motbevist, - blant andre av oss. Men hendelsen med skuta der Molvær var stuert, skulle vel bevise at innmaten er farlig, og får folk til å sovne inn.

- Polarforskeren dokter Koettlitz hevder merkelig nok det tvert motsatte. Også han mener riktig nok at bjørnelever er usunn mat, og sier at på den engelske ekspedisjonen til Franz Josefs land i 1894 - 97 var det noen som

spiste lever. De ble alltid svært dårlige etterpå, fikk sterk hodepine, ble kvalme og kastet opp. Men den verste følgen var at de ble søvnløse! - Først ett døgn etter at de hadde spist kunne de få sove. Og dette kan ikke vere suggesjon, for engelskmennene hadde aldri hørt om at isbjørn skulle vere giftig, sier Koettlitz.

Det var merkelige greier. Ja, ja, vi holdt oss nå til det som vi hadde hørt, og tok ingen sjanser.

- Du har fortalt om de uhyggelige svarte fuglene som kom i store skarer og spiste opp alt untagen beingrinda på bjørnekadavrene dere la igjen på isen. Dr. Koettlitz påstår at fugler i polarstrøk omhyggelig unngår å spise innmaten av isbjørn - de vet at den er giftig.

- Det stemmer slett ikke med det vi fikk se. Disse fuglene renset kadavrene så grundig at det var bare kvite beingrinda igjen av dem. Innmat og kjøtt ble fortært til siste trevl, enda det var beinfrosset.

- Du har fortalt at desse fuglene var svært uredde for mennesker. Stjal de aldri av kjøttet som dere hadde hengende frosset i riggen. ?

- Vi hadde tatt ned toppseilråen og surret den mellom to daviter på halvdekket, og her hengte vi bjørnesinkene til frysing. Her gikk det stadig folk frem og tilbake, og så nær torde nok fuglene ikke å komme. Men da vi senere tok moskus og la kjøttet i livbåten fordi råen var full, da kom de svarte gribbene og stjal moskuskjøtt så vi ble nødt til å dekke over med presenning.

- Det ble vel lett krangel ombord når en lå slik uten arbeid ?

- Det gikk svært fint. Den faren som truet oss alle, og som vi hele tiden var klar over, gjorde vel sitt til å binde oss sammen i et sterkt kameratskap. Det eneste som kunne skape litt problemer var brødrasjoneringen, med fire mann på ett brød. Det ble litt krangel til å begynne med, det ble vanskelig å dele rettferdig av skalker og midt på brødet. Men så kom Romsdalingen til meg en dag, og sa stolt at han hadde funnet løsningen: - Først deler du brødet i to på langs, og så i to på tvers, så har du fire nøyaktig like biter. - Og slik ble det gjort etter den dagen.

- Hvordan skaffet du gjær til brødbaksten?

- Ja det var jo ikke bare å springe på butikken. Men jeg hadde gått stuertskolen i Bergen i 1913, og der lærte jeg å koke gjær av poteter og humle og mel. Poteter gjærer fort, og når jeg hadde dette stående i en avskjæring, var det bare å ta ei ause hver gang jeg skulle bage brød.

- Vann, skortet det ikke på det ?

- I Vesterisen er det ingen vansker med ferskvann. Der er to slag is - den grå sjøisen, og så den som kommer fra breene. Den er lett å kjenne, for den er klar som krystall.

Isbjørnen parrer seg om våren. I oktober når det er snø nok til det, graver drektige binner ut et hi og legger seg inn. Disse hiene ligger oftest i le for vanlig vindretning (nord-øst). Det er der den første snoen hoper seg opp om høsten. Ved juletider føder hun fra en til tre unger. Midt i mars åpner binna hiet. Ofte høyt oppe i fjellsidene. Hun holder seg ved hiet en ukes tid. Så bærer det ut på vandring. Intensiv turisme og et stort, totalfredet rovdyr fører uvilkårlig til problemer. I dag kommer folk til steder hvor det før ingen ferdsel var. Dette betyr hyppige møter mellom menneske og bjørn. Det har skjedd en adferdsendring hos bjørnen siden fredningen i 1972-73. Tidligere ble de mest uredde og frekkeste skutt først. Bare de kom i nærheten av folk, smalt det. Nå får de frekke og uredde bjørnene videreføre sine gener. Min erfaring fra årene med jakt var at bjørnen ytterst sjeldan var aggressiv. Vi kom bare ut for angrep når dyrene var beskutt og skadet. Likeså hvis en unge var gått i et selvskudd og moren var uskadd. Gang på gang opplevde vi følgende: For å komme fram mellom hytta på Andréetangen og Negerpynten på Edgeøya før fjordisen la seg



om høsten, måtte vi gå på landkallen under Brattfjellet. Det er en smal isbre som danner seg langs fjæra. Den kan være mindre enn meteren bred. Vi strevet oss fram mot kulingen i mørke og snødrev. Bjørnen hadde også sin ferdsel her på landkallen. Ofte så vi på spor i snøen at bjørnen var kommet på motsatt kurs med vinden inn bakfra. En skulle tro at dyret da ville ha problemer med å oppdage at et menneske nærmet seg. Likevel viste avtrykk i snøen at bjørnen hadde hivd seg rundt og løpt tilbake der han var kommet fra. Erfaringer fra den gang gir et bilde av et dyr som gjorde hva som helst for å komme seg unna sin verste og eneste fiende, mennesket.



Bamse med to store unger.

Fra dagboka 17.11: "I dag datt endelig den første bjørnen. Den lå på et selvskudd ved den gamle russehytta. Skal si det er fest i kveld. Bikkjene i uvett på ryggen. Stappfulle av gjørnekjøtt. Selv har vi kokt en kjempegryte. Det er bra for moralen at det endelig ble bjørn. Lyst og fint i dag, så vi kan se langt. Det er mye vann mellom flakene. - Liksom ikke rette typen bjørneis, sier Odd. Ovnene er rødglopende og står nærmest og hopper, full av bjørnespekk og rekved. I kveld har månen kommet igjen. Den er delvis skjult av en tåkebane som ligger lavt i havet mot sørvest. Jeg ser tydelig månestripen i åpen sjø fra min plass ved bordet."

Det var ikke lenger den store forskjellen på natt og dag. Jeg har begynte å få rutinene med fangstvirksomheten i blodet. Vinterstid ble det steinete og mange steder uframkomelige terrenget kvitt og slett som en isbre. Lett å ta

seg fram. Hytta føk ned og stormen feide over oss. Det gikk mot solverv, men storfangsten kom ikke riktig i gang.

Fra dagboka 25.11: "En makeløst skarptlysende dagrand. Det begynner med mørkt, blått øverst, går siden over i alle nyanser av grønt, gult, rødt og til slutt svart i horisonten. Hadde tatt peiling på innløpet av en dal som jeg så vidt kunne skimte konturene av i mørket. Hytta skulle ligge litt sør for den. Omsider vokste hytta fram i en snøbleik skråning, under svarte fjell. En skrøpelig, skakk liten bu, men et paradis å nå for en sliten kar. Hadde litt av en tørn med å grave meg inn. Hele sørveggen var av en fonn som lå helt opp til mønet. Lange, lune kvelder i nedføyka hytte. Kjøttgryta på kok. Fråtser i bjørnekjøtt. Skjærer ut de fineste biffer og banker dem på hoggestabben. Eter bjørnekjøtt og blir aldri lei det."

Selv om hytta er nådd etter en stri tur, er det ennå mye å gjøre før en kan tenke på seg selv. Først må en finne fester for den lange hundekjettingen. Så skal selene av og hundene bindes på sine faste plasser. Steinfrossent kjøtt skal hogges opp og fordeles. Proviantkasse og sovepose i hus. Endelig kan en sette i gang med å smelte snø, brase og steike en panne breddfull med kjøtt. Å sette til livs et slikt kraftig måltid etter å ha sjauet med sleden, jaktet og løpt hele dagen igjennom, etterpå ligge og dra seg i en varm sovepose, kose seg med pipa og kaffekoppen. La tankene vandre mens båtovenen durer så røret er rødt over taket. I de fleste av disse små hyttene kan en ved å strekke hånden ut nå alt innenfor de fire veggene. Ligge i køya og fyre i ovnen. Det er en opplevelse av hvor ubeskrivelig godt et menneske kan ha det.

Et sammenligningsgrunnlag en tar med seg resten av livet.

Fra dagboka 1.12: "Sørvestlig storm og mildvær. Vi har nettopp sittet i hytta med morgenkaffen. Full fyr i ovnen. Hørte NRKs USA-korrespondent lese forsiden av New York Times på radio. En lever i moderne tider selv om oppholdsstedet er på Svalbards østkyst. Nå var vi på vei langs Bjørnebukta i tjukk tåke.

*Svart som i en kullkjeller. Det meste av snøen var tint bort. Blank hålke gjorde det vanskelig å fote seg. Kom til selvkuddet ved inngangen til dalen over til bistasjonen. Det lå en stor bjørnunge død. Hørte binna bure og brøle ute i mørket. Men det var uråd i storm og tåke å bestemme retningen. Blankisen gjorde det vanskelig å holde seg på beina. Plutselig er binna der. I lange, vinnende byks kommer hun. Vi er virkelig alarmerte. I beredskap. Men vindkastene veiver børsa ut av stilling. I den smale lyskjeglen fra hodelykta ser vi bjørnen komme rett på i stor fart. Hører klør skrape i isen. Nå gjelder det ikke å skyte for tidlig. Så braker begge skuddene omrent samtidig. Binna setter i et voldsomt brøl og går over ende. Kommer rutsjende på isen og blir liggende flere meter bak oss.”*



*Odd Lønø sjekker selvkudd. Alle foto: Per Johnsson.*

Det var flere grunner til at selvkuddene måtte sjekkes så ofte som mulig. Etter en kraftig snøstorm la det seg gjerne snø over åtet på selvkuddet. En bjørn ville da kjenne lukta, men ikke se eller føle noe åte.

Bjørnens naturlige reaksjon er da å karre med labben. Dette kunne føre til skadeskyting. Hvis en død bjørn ble liggende foran et selvkudd mer enn ett til to døgn, risikerte en å ikke få flådd den på grunn av frost. Da måtte bjørnen lastes opp på sleden og kjøres til hovedstasjonen.

Før i tiden gravet fangstfolkene ned den såkalte rundbjørnen utenfor hytta. Når sola begynte å varme om våren, gravet de rundbjørnene opp, snudde og vendte dyra for å få dem tint. Ikke enkelt med en gubbe på 4-600 kilo.

Dessuten ble det svært ofte surflekker på skinnene. Pelsen falt av i flak. Vi fikk svært få rundbjørn. Det hendte vi dro halvfrossen bjørn inn i hytta. Etter en natt på stuegolvet fikk vi vrengt skinnet av den.

På halvfrossen bjørn kunne en også bruke følgende teknikk: vi skar opp buken i full lengde. Åpnet dyret så langt og godt vi kunne alt etter hvor mye frossent det var. Så hogg vi med øks av nakke, boger og lår. Satte en taustropp i skrotten og brukte bikkjene til å vrenge selve kroppen ut av skinnet. Boger, lår og mye av nakken fulgte altså skinnet. Men det ble jo hundrevis av kilo lettere.

Jeg regnet en gang ut at vi brukte 10 000 kilo bjørnekjøtt til hundemat i løpet av et år. Av alle dyr som ble skutt nær hytta, ble kjøttet fraktet hjem som hundemat.

Fra dagboka 6. desember: “Vi dro inn og hentet et skinn ved Knausen. Så over revefellene samtidig. Det har vært klart og fint i dag. Allerede kl 0800 begynte det å lysne i sør. Den røde stripen over havet var svak, men den holdt seg til kl 1330. Det har blitt kaldere utover kvelden. Skarpt nordlys og helt klart i kveld. Hørte tung pusting ute i natten da jeg slapp inn bikkjene. Det hørtes ut som om det kom fra odden, kanskje hvalross?”

(Artikkelen held fram i neste nummer)

## **Brandal-konferansen 2012: "Vi veit meir om verdensrommet, enn vi gjer om havet."**

Av Anna Josefín Jónsson

Dette sa konferansier Knut Arne Høyvik, etter to intense dagar med foredrag, diskusjonar og idéskaping.

25-26. oktober var det nemleg duka for den store Brandal-konferansen på Ishavsmuseet. Om lag 35 personar hadde funne vegen til Brandal for å delta på denne idékonferansen, som skulle ta for seg framtida til den norske selfangstnæringa.

Ordførar i Herøy, Arnulf Goksøyr, stod for åpninga av konferansen, og stilte det grunnleggjande spørsmålet: kan vi drive med selfangst i dag? Det er dessverre knytt ein del skepsis i forhold til selfangst i dag. Men det er ein vesentleg forskjell på slakting og fangsting, og Goksøyr meinar at det er viktig at samfunnet må finne det etisk rett og drive med selfangst.

Eit kommersielt miljø må istandsetjast dersom ein skal starte på igjen med denne næringa. Korleis kan ein forvalte selen som ein ressurs? For sel må utnyttast. Og dersom ein kan gjere det optimalt, med selolje, pels, kjøt og andre varer, er det eit stort marked for det der ute. Kvar bør staten starte? Jo, sjå kven som har lykkast før innan selfangstnæringa. Det er her på Sunnmøre. Goksøyr meiner det er altfor lite fokus på selfangst i Noreg i dag.

Konferansieren desse to dagane var Knut Arne Høyvik. Han påpeika at selfangst lenge har vore kontroversielt. Det er eit politisk og diplomatisk spørsmål, ikkje berre her i Noreg, men også internasjonalt. I USA er det totalforbud mot å drive selfangst. Høyvik sette det litt på spissen ved å seie at "Ekornes vil aldri få selje ein stressless i Amerika, dersom Arnfinn Karlsen sitt selskap er ein investor i Ekornes".

Arnfinn Karlsen driv selskapet Polargodt AS, som arbeidar med å optimalisere utnyttinga av

ishavsressursane. Han har i fleire år samarbeida aktivt med fiskerimyndigheter og forskingsmiljøet i Noreg, for å kunne skape ei næring som utnyttar ressursane optimalt. Dette arbeidet har resultert i fleire produkt med selen som råstoff.

Karlsen var ein av initiativtakarane bak Brandal-konferansen, for å skape meir fokus og interesse rundt selfangstnæringa. Han starta med å gi deltakarane ei oversikt over situasjonen i dagens selfangstnæring. I dag er det berre to skuter som fangstar sel.



*Arnfinn Karlsen.*

I følge statistikken er det 147 000 jegerar i Noreg, men ikkje ein einaste av dei er på ishavet. Berre i Møre og Romsdal vert det tatt 10 500 hjortar, mens det på verdsbasis vert tatt 5500 sel. Og årleg vert 230 000 ryper skotne. Når ein ser på desse tala, kan ein lure på kvifor det skal ver så stor forskjell på vanleg jakt og selfangst. Kva er årsaken?

Ei stund vart det sagt at kunstskinnprodusentane låg bak nedlegginga av selfangstnæringa. Og miljøorganisasjonen Greenpeace har også fått skylda.

Karlsen meinar at sistnemnte er ei myte, at det var faktorar som pengar, marked og

kostnadsnivå som vart avgjerande for næringa, men at Greenpeace framskynda heile prosessen.

Til dømes vart selskinn brukt til klesproduksjon, og dette skapte stor konkurransen for dei som dreiv med oppdrett av mink. Arnfinn påpeikar at selen er ein del av økosystemet i havet, men at det i dag oppstår mange problem og diskusjonar dersom du vil drive fangst.

Årleg vert ikkje mindre enn 1,3 millionar sauder, og 1,6 millionar grisar skotne, mens selen, som er eit dyr det virkelig kan tenast pengar på, den skal ikkje vi få utnytte. Dette skapar eit urettferdig bilet, og ei urettferdig behandling av dei som driv med selfangst. Karlsen konkluderar med at politikken rundt selfangst må endrast, og at han er glad for å ha fått ein næringsvennleg mann i departementet i Alessandro A.T. Astroza.

Etter denne situasjonsrapporten, var det Bjørn Økern som skulle ta over talarstolen for å gi ei oversikt over selfangstnæringa dei siste ti åra. Bjørn bur i dag på Brasøy på Helgelandskysten. Der driv han selskapet Polarbjørn, som produserar telt for mennesker som skal vere eller arbeide i ekstreme forhold. Til dømes har telta hans vore på Mount McKinley, på Grønland og i Himalaya, og det var også to Polarbjørn-telt på Sydpolen under 100-års markeringa i desember 2011.



Bjørn Økern med foredrag til ei lydhøyr forsamling på Brandal-konferansen.

Bjørn var leiar for Greenpeace 1990-1992, og fronta miljøorganisasjonens motstand mot sel- og kvalfangst. Men han hadde fangsta mykje sel før han kom til Greenpeace.

Motstandsarbeidet var han ikkje så fornøgd med, han ville heller ha muligheita til å drive med selfangst og å kunne utnytte den ressursen. Medarbeiderane hans var, på den andre sida, ikkje så fornøgd med at Bjørn hadde hengt opp eit selskinn på rommet sitt i protest, så han fekk til slutt sparken.

Økern fortel at det ikkje er tvil i at Greenpeace hadde ein finger med i spelet då selfangsten vart stoppa. Både Brigitte Bardot og Greenpeace jobba så intenst med å få stoppa selfangsten, at folk trudde til slutt at selen var eit skadedyr. Og dessverre er det dette folk hugsar best, ikkje det at selfangstnæringa var så stor og viktig som ho var. Før hadde Bjørn ei personleg selkvote. Då brukte han å invitere utenlandske jegarar på selfangst, som han guida i båten sin, og han lærte dei m.a. å "gjere opp" selen.

Dessverre er det slutt på slike kvoter i dag. Men Bjørn er veldig opptatt av å kunne lære vidare kunnskapen om selfangst, og korleis utvinne heile selen. Det er viktig at dei neste generasjonar lærer seg korleis ein utnyttar ressursen, med å sy, designe, lage mat, lage selolje, o.l. I perioda 2003-2005 var han med på eit felles prosjekt mellom Noreg, Sverige og Finland, som fekk namnet "Selen – vår felles ressurs".

Målet med prosjektet var å gjenskape ei økologisk forvaltning av selbestanden, og dermed gi forutsetningar for å utnytte selen som ressurs.

Kurskoordinator var Anita Storm, og den norske prosjekteigaren var Nordland Fylkeskommune.

Prosjektet inneholdt mellom anna kurs om fangstmetoder, og kurs i design av selskinn,

leia av ein professor frå Academy og Arts i London. I tillegg var det også kurs med ein smed. Deltakarane laga mange forskjellige produkt, mellom anna vesker, belte, selskinnsvestar, vottar og møblar. Etter at kurset var over, hadde Bjørn utstilling med produkta sine på Helgeland, og dei finske deltakarane hadde også eiga utstilling i Finland. Bjørn gav også ut ei lærebok om korleis handtere og utvinne heile selen. Han har også gitt ut ei bok kalla "Makt uten ansvar – Greenpeace avslørt innenfra".

På slutten av Økern sitt foredrag kjem det innspel frå salen om problemet med kveis i fisken. Kveis er ein mark som går i fisken, og reduserar kvaliteten betrakteleg. Økern fortel at dette har vore eit stort problem på Helgelandskysten, og det hender at fiskarane må kaste opp til 40% av fangsten på grunn av kveis. Selen er eit vertsdyr for kveis, og dersom ein reduserar selen, kan ein også redusere kveisproblemet. Bjørn meiner at det burde vere eit prosjektarbeid for å auke interessa rundt selfangst og utnytting av selen, og som også kunne sett fokus på selen både som problem og ressurs.

Det vert snakka mykje om både positive og negative konsekvensar av selfangst. Det er liten tvil i at selen er ein nærmast ubrukt ressurs, som ein heilt klart kan skape eit marked for. Vi har fått eit lite innblikk i kva produkt som kan vere aktuelle dersom ein får auka selfangst i dag, men kva skjer dersom selfangsten stoppar heilt opp?

Arne Bjørge var invitert til konferansen for å fortelle om moglege konsekvensar ved eit totalt bortfall av sel- og kvalfangst. Bjørge er tilsett hjå Havforskningsinstituttet, og arbeidar med økologi, forvalningsplanar og forvaltningsrådgjeving innan sel- og kvalfangst. Han synes dette temaet er vanskelig å svare på. Dagens selfangst er så liten, at det har relativt lite å seie bestandsmessig.

Kor stor er bestanden i dag? Produksjonen av selungar skal registrerast kvart femte år, og i framtida kan ein bruke desse tala til å lage prognosar over antal sel i bestanden. I dag er bestanden på grønlandssel om lag 650 000, og



Arne Bjørge

den har aldri vore større. Dersom ein greier å halde oversikt over prognosar og andre data, kan ein sette opp kvoter. Klappmyssbestanden er derimot ganske liten, og det er anbefalt nullkvote på klappmyss. Bjørge fortel at det vert tatt ut ei lita kvote klappmyss for å forske på m.a. utvikling, reproduksjon, miljøgift, sjukdom som hindrar reproduksjon og lignande. Klappmyssbestanden veks ikkje, og dei forskar på kva grunnen til dette kan vere.

Det er tydelig at dette temaet skapar debatt blant deltakarane, og Arnfinn Karlsen meiner heller det er snakk om populasjonsflytning, og ikkje bestandsminsking. Han grunnlegg dette med at det i dag er 6 millionar dyr på Grønland, mens det før berre var 1,5 millionar dyr. Og at det fins mykje klappmyss på Newfoundland.

Arne er enig i at det kan vere mange årsakar som ligg bak. Naturen kan bryte inn å regulere bestandsstørrelsen med t.d. sjukdom, epidemi og lignande. Arnfinn stiller spørsmålet: når ser vi ein kollaps? Når er bestanden stor nok til at naturen bryt inn og regulerar? Han meiner at

selfangst alltid har vore eit regulerande element for selbestanden.

Bjørge har ikkje noko fasitsvar på dette. Men ein anna ting som også kan oppstå, er ei massiv selflytting, der alle selane flyttar, byttar plass. Dette skjedde m.a. på 80-talet.

Avslutningsvis fortel Arne at han sjølv har vore på selfangst, og hadde sin fyrste tur på ishavet med Aarvak i 1979. Han stadfestar at det har vore ei stor endring i selfangst frå hans fyrste tur på 70-talet til i dag. Før var det meir fokus på skinn, dei fekk opplæring om bord, og det var produktorientert. I dag er det meir fokus på kor mange ekstra dagar skutene må vere ute, kva dette vil koste, osv. Konklusjonen er at næringa har blitt subsidieorientert i staden for produktorientert.

Etter ei god pause var turen no komen til Øyvind André Haram, som var komen for å snakke om konsekvensar for dagens plassering av oppdrettsanlegg ved ein eventuell ny selinvasjon.

Haram er i dag informasjonssjef i Fiskeri- og havbruksnærings landsforeining (FHL), og seier sjølv at han er lidenskapelig opptatt av sjømat. Han meinar at det slettes ikkje er umulig å blåse nytt liv i selfangstnæringa, men påpeikar at ein må skape driv rundt selfangsten, skape eit godt omdøme. Og dette kan vere utfordrande. Skal ein få aksept for det ein gjer, må ein endre folk sine meiningar. Dess meir du veit, dess meir du forstår, til bedre aksepterar du. God informasjon fører til forståelse, som igjen fører til aksept.

Haram meinar at dette er svært viktig for selfangstnæringa, og at ein må jobbe for å få eit godt omdøme, vise engasjement og møte utfordringar på ein positiv måte. Slik kan andre folk også verte engasjerte. For å få aksept, må ein gjere det riktig, og gjere det kjendt. Laks er viktig for Noreg, selfangst er viktig for norsk historie.

Noreg er ein av dei fremste sjømatnasjonane, og Haram meinar at selen også kan kome på markedet som sjømat. FN seier at vi må hente ut meir mat frå havet, og Øyvind trur at selen kan vere en del av det. Ein må utnytte meirverdien frå havet. Men kor stor er



*Konfransier Knut Arne Høyvik styrte konferansen i to dagar med stø hand.*

eigentleg utfordringa ved ein eventuell ny selinvasjon?

Haram trur ikkje vi er godt nok forberedt på ein slik invasjon i dag. Slik situasjonen er no, er selen ikkje noko stort problem i Noreg.

Men dette kan fort endre seg. Dersom selinvasjonen kjem i havbruksnæringa, må vi lite på politikarane. Vi må ha retningslinjer for kva vi skal gjer dersom det kjem 50 – 100 000 sel langs norskekysten.

Fiskeridepartementet har avsett pengar til forskning, så ein burde klare å forberede seg på ein invasjon. Selen stressar laksen, men å skyte selen er det siste ein gjer. Fyrst prøvar ein å skremme vekk selen. Haram fortel om mange ulike metoder for å halde selen borte frå laksen, men påpeikar at der fins problem som t.d. at skremmarar ikkje fungerar, eller det er usikkerheit rundt løyve for å felle sel. Bjørn Økern kommenterer at det er lov å skyte sel når den er i nærleiken av noko nærande, som nettopp laks. Avslutningsvis takkar Haram for at FHL vart invitert til konferansen, og at dei vert obs på selfangstsituasjonen i dag. Dei vil i

framtida vere med på å rette fokuset på den komande selinvasjonen.

- Det er ikkje havbruksnæringa sitt ansvar å seie at no kjem det ein invasjon, det er staten og forskarar som skal lage ein beredskapsplan, og fortelle oss at no kjem det til å kome ein invasjon av sel, seier Haram.



*Øyvind Haram er i dag informasjonssjef i Fiskeri- og havbruksnæringas landsforeining (FHL)*

Torstein Solem kjem frå Pelagisk Forening, og takkar Haram for eit interessant foredrag. Sjølv meinar han at det er angsfylt at laks og sjømat skal vere så pent og pyntelig, og at dette markedet ser vekk i frå selen.

Pelagisk Forening har eit ønske om å gjere noko annaleis. Det vart danna av fiskebåtredarar, som hadde eit litt anna syn på fiskerinæringa. Pelagisk Forening kan i framtida verte ein god ressurs for selfangstnæringa, både økonomisk og med mange store båtar. Solem meinar at sel og kval kan vere ein trussel mot pelagisk sektor.

Problemet med alle sjøpattedyr, er at dei er så vakre! Som Dennis Leary ein gong sa; sjøpattedyr gjer "cute little human things", og dette skapar ein relasjon for oss menneske. Dette er ein av fleire grunnar for at sel- og kvalfangst i dag er så kontroversielt som det er. Arnfinn Karlsen kommenterer at det ikkje handlar om å fange sel eller ikkje, men meir

om markedet, og korleis best mulig utnytte selen. At det må vere markedet som betalar, ikkje staten eller fiskeridepartementet.

Eit av hovudprodukta av selen, er seloljen. Livar Frøyland er forskningsdirektør ved NIFES, og er invitert til konferansen for å gi ei oppsummering av dagens forskning på feitt og protein frå sel. Han har også gjennomført ei tverrfagleg forskning på selolje i lag med Arnolf Berstad.

Frøyland seier at det fins veldig lite dokumentert forskning på selolje i dag. På den andre sida kan det ta år før forskningsresultata er klar, før ernæringsmyndighetene anbefalar det.

Men studiene har vore viktige. Dokumentasjon gir trygge produkt og kan bevise helseeffekt. Dokumentasjon er ei forutsetning for verdiskaping.

Poengen med forskninga er å finne ut om selolje/selprodukt er trygt å anbefale til det norske folk. Og selkjøt er jo veldig sunt, så det er absolutt verdt å forske vidare på det. I dag er det lite kjennskap og "uvanlig" med selkjøt, særleg er det lite internasjonal eksport. Så at det er eit stort forskningspotensiale, og utvinningspotensiale i selfangst, er det ingen tvil om. Livar påpeikar at dersom ein skal selje noko, må ein forske på det først.



*Arnolf Berstad*

Ein som kan dokumentere helsegevinstar ved inntak av selolje, er nettopp Arnolf Berstad. Han er i dag pensjonert professor, og har vore sjef ved gastroseksjonen ved Haukeland sjukehus i Bergen.

I lag med Frøyland starta dei der eit prosjekt og forska på selolje. Då testa dei uraffinert selolje

på pasientar med mage- og tarmproblem. Det viste seg at pasientane hadde store problem med å svelge oljen, så dei sette ned ein sonde i tolvfingertarmen, og gav dei 10 ml olje tre gongar dagleg.

Den fyrste testpasienten vart veldig mykje bedre, men då Berstad såg inn i tarmen såg det like ille ut. Men pasienten hadde vorte kvitt alle leddsmærter, som påverka dei andre smertene ho hadde. Dette var ei uventa effekt av seloljen. Dette gjentok seg på alle pasientane dei testa det på. Berstad og Frøyland presenterte desse resultata på ein stor amerikansk konferanse dei var på, og dette var heilt nytt og nesten revolusjonerande for alle deltakarane.

Så at selolje fjernar leddsmærter, det er bevist. Det kan også hjelpe på irritabel tarm og trøttheit og utmattelse (fyrste grad av ME). Berstad påpeikar at dette kan verte ein stor sak, særleg med tanke på ME. Vi veit lite om denne sjukdommen, og det burde verte forska meir på kva helsegevinst seloljen kan gi på dette området. Konferansier Høyvik kommenterer at retninga på å få EU inn på tanken på selfangst i forhold til helsegevinst, går via forskning. Helse og medisin interesserar folk, men dessverre er det få som kjenner til seloljen sin effekt.

Det er altså klart at det må opparbeidast og engasjerast eit større marked rundt selfangstnæringa. Men kva må til for å auke lønnsemda i selfangstnæringa i dag? Arnfinn Karlsen held sitt andre foredrag på konferansen, og snakkar om dei ulike produkta han produserar med selen som råstoff. I tillegg til den kjende polaroljen, har han også ein eigen olje til hund/katt. Karlsen fortel at det er desse oljane som virkelig gir premie av selfangst. Han presenterer også andre produkt, som "griseøyryr" av selskinn (som hundesnacks), handkrem og lipsyl av selolje, skifeller, potelekrem til hundar som sprekk på potane, selspeksalve til bruk på sår, selskinn som bordskånar, selskinn i barnevogner, og "Eventyrblanding". Sistnemnte er snop for hundar, og er laga av avhåra selskinn, tørka lever av sel, tørrfisk og bitar av selkjøt. Karlsen meiner dette er juvelen i produktsamlinga, og på grunn av tørrfisken vert innhaldet røkt i



Alessandro A.T. Astroza, rådgjevar Fiskeri- og kystdepartementet

pakken. Men kor mykje fangst må ein ha for å klare å selje?

Karlsen seier at ein ikkje kan markedsføre før ein har råstoffet på plass, der er ein klar samanheng mellom desse to. Eit av Polargodt AS sine største utfordringar, er at her på Sunnmøre får ein svært lite råstoff frå Nord-Noreg.

Arnfinn har brukt mykje tid og pengar på å lage i stand alt utstyr som trengs for å motta råstoff og utvinne forskjellige produkt, uten at han får det råstoffet som han treng. I staden må han importere råstoff frå Canada. Arnulf Berstad kommenterer at det må jo vere heilt unødvendig at dette skjer, når ein kan fangste sjølv her i Noreg, og at det er ei skam at det ikkje er meir støtte om dette temaet.

Karlsen meinar at ein kan ikkje ha den usikkerheita som er i dag rundt selfangstnæringa. Vi må fange sel, men ikkje for ein kvar pris. Å fange 10 000 dyr i isen kostar staten fleire millionar kroner. Ein må snu det frå at det skal vere så omstendelig med søknadar, og kanskje får du tillatelse, til at selfangst skal verte like naturlig her på Sunnmøre som det var før. Folk er skeptisk til

selfangst, men ikkje på eit formuftig grunnlag. Selfangst er ikkje umulig å få til, men utfordringa er marknadsføringa. Fangstbildet er eit vanleg rederibilde. Det går skuter på fangst i dag. Men det å dokumentere den medisinske biten, og drive rett marknadsføring, det er det som er største utfordringa.

Ein må kunne seie at det må verte fanga eit visst antal sel, fordi selen skal bli til polarolje, osv. Konferansieren kommenterer at å restarte selfangsten på ein nostalgisk måte, og ruste ut båtar frå 50-talet, er eit villspor, ein draum. Skal ein starte på nytt i dag må det vere moderne og oppdatert utstyr o.l., og vise at det vert gjort på korrekt måte. Det er forskjell på å gjere ting rett, og gjere dei rette tinga.

Kort oppsummert kan ein seie at kvote, kapital og kunnskap er tre viktige nøkkelord, og ingen av dei har verdi dersom ein av dei manglar. Ein må ha vitskapelig dokumentasjon dersom folk skal kjøpe produktet. Marin verdiskaping er ei viktig satsing, og gjennom denne konferansen har fleire aktørar vore med på å rette fokuset på selfangstnæringa.

Brandal-konferansen var støtta av Innovasjon Norge, og initiativtakarane, Ishavsmuseet Aarvak og Polargodt as, beskriv konferansen som ein suksess.



*Sven-Aslak Veiseth, servitør på dugnad, dekker til middag korrekt kledd i selskinnsvest. På menyen til middagen sto naturlegvis selkjøt.*

## STATEN SEIER NEI TIL GJØA

Av Finn Sindre Eliassen

Frammuseet har reist eit bygg over Gjøa – men staten vil ikkje betale.

Første skute gjennom Nordvestpassasjen var Gjøa i åra 1903-06. Dette er ei av dei aller største bragdene som nokon gong er utført av nordmenn. Mannskapet besto av Roald Amundsen, Adolf Lindstrøm, Gustav Juel Wiik, Helmer Hanssen, Godfred Hansen, Anton Lund og Peder Ristvedt. Amundsen er mykje meir kjend ute i verda for dette enn at han vann kappløpet med Scott til Sørpolen.

Ekspedisjonen fann den magnetiske nordpolen, og Amundsen skreiv seinare historier om inuittene som folk aldri hadde lese før.

Frammuseet eig to av viktigaste polarskipa, Fram og Gjøa. Den 11. oktober i år fekk Gjøa eige vernebygg ved sida av Fram. Heilt sidan Gjøa kom tilbake til Noreg i 1972, etter å ha lege i San Francisco i 63 år, har ulike instansar arbeidd med planane om å få skipet i hus og teke vare på for ettertida.

Og etter 40 år er det gjort: Nytt vernebygg er på plass og neste år opnar Frammuseet heilt nye utstillingar om Nordvestpassasjen si historie frå 1400-talet og opp til vår tid. Det blir eiga luftskip-avdeling og dessutan skal Frammuseet formidle kunnskap om Nordområda i dag. Det skal handle om samarbeid med Noreg sine arktiske granneland, klimaforandringer, nye sjøvegar i nord og fiskeria.

Men trass i at den norske stat meiner at nordområda er Noreg sitt viktigaste strategiske satsingsområde, ønskjer han ikkje å vere med å betale for å ta vare på skipet.

Fram-komiteen har frå private kjelder samla inn 39,5 million kroner til bygget, og dessutan har museet brukta 18 million kroner av eigne midlar, pengar som kjem frå mange års overskot i drifta.

-Men enno manglar vi 25 million kroner som vi har soikt staten om. Det er kanskje for mykje å be om, men å avspise oss med null er urimeleg, seier Olav Orheim, leiar for Fram-komiteen.

Og slik saka står no, er svaret frå Kulturdepartementet altså negativt.

(Kjelder: Frammuseet, Aftenposten.no)

# Julebesøk i Sassen

Av Hallvard Holm

*Over oss jaga stormskyene månen. Den sterke vinden og bakkefôket sto rett imot oss så vi knapt nok såg skituppane våre. Eg gjekk ved sida av sleden, heldt i tampen og sikra at alt gjekk greitt i skråkøyringane. Framfor meg sleit dei fem uutslitelege huskiane. Kåre gjekk ved sida av førarhunden og styrde kursen. Vi var ein stad ute i Sassendalen og det var sterk vind og beinkaldt.*

Det var ein av dei siste dagane i desember 1961, i romjula. Nordfjordingen Kristen Bøen og eg hadde planlagt å dra på julebesøk til fangstfolka Helfrid og Hilmar Nøis inne i Sassen, i Villa Fredheim. Alt var gjort klart. Kilosporsjonar med frose kvalkjøt for nokre dagar var pakka som mat for bikkjene og reinsskinnsveposane og nistekassa var klar til å surrast på sleden, ein forbetra nansenslede som vi hadde laga sjølve. Ikkje ein einaste spikar var det i den, berre kvitfiskreimar og tjøretau.

For å spare oss for den alltid så halsbrekkande starten frå hundegarden, ned den bratte brinken og over det steinete elveleiet nede i Longyeardalen, hadde vi sela opp hundespannet og köyrt deler av utrustninga inn til Gruve 5-vegen tidleg fredags formiddag. Der tjora vi bikkjene i snøskjermen i svingen opp mot Endalen. Vegen inn over Adventdalen gjekk ikkje lenger enn inn til Gruve 5 den gongen. Der ifrå var det flate tundraen vidare innover.

Og det var då det skjedde, mens vi heldt på å sette fast hundane. Kristen sklei på ein issvull og spente foten så hardt i eit av staga til snøskjermen at han braut ei få. Juletur til Sassen var derfor ikkje å tenke på for han. Og no var gode råd dyre. Alt var gjort klart. Juleposten, avisene, vekeblada og julegåvene til Helfrid og Hilmar var pakka og vi hadde til og med sendt melding over Svalbard Radio om at dei kunne vente oss.

Kristen måtte erstattast. Vi måtte skaffe ein vikar på kort varsel. Og den einaste vi kom på var Kåre Amundsen.

Kåre var gruvearbeidar og stiger. Han var frå Lyngen og om lag 15 år eldre enn meg, veteran frå krigen på Svalbard og med tidlegare lang erfaring som hundekøyrrar for Store Norske. Og Kåre sa ja på flekken og var klar til å dra på kort varsel.

Og no var vi altså ein stad midt ute i breie Sassendalen. I eit forrykande og iskaldt uvêr.

Vi fekk med oss deler av julefesten fredagskvelden, men braut opp før midnatt for å kome oss av garde. Det var like mørkt om dagen no som om natta, så det spela liten rolle kva tid på døgnet vi la i veg. Klokka halv tre natt til laurdag var vi under vefs.

Alt gjekk greitt og radig inn over flate Adventdalen. Bikkjene var ivrige og godt trenar etter mange turar frå tidleg på hausten. Fleire gonger i veka og kvar einaste helg var Kristen og eg ute med dei. Nokre mil kvar gong. No kunne vi stort sett styre dei med kommandorop. Det bles litt og det var kaldt, minus 27, då vi starta. Men vi kunne vegen til Sassen, både dei på fire og vi på to. -- Over oss hang ein stor og nesten heilt kvit måne som ga brukbart køyrellys.



Hundespann. Foto Per Johnson.

Vi kørde opp om Indre Hjorthamn-hytta, og medan hundane kvilte utandørs, gjekk vi inn for å drikke litt varm havresupe frå termosane. Vi ga oss ikkje tid til å fyre opp og det var like kaldt ute som inne, men det bles ikkje innadørs.

Vegen vidare til Passhytta, som låg godt og vel halvvegs og som for ein stor del var bygd av dynamittkasser, var også grei. Her gjorde vi opp varme, mata bikkjene og laga oss eit herremåltid av ferdigsteikte kotelettar og potetstappe. Det var i denne hytta Kristen og eg heldt hus deler av påskeveka seinare den same vinteren, og det var her vi flådde isbjørnen.



Foto frå Per Johnson

Vi sov godt i skinnposane våre, både Kåre og eg, og vakna ikkje før langt ut på laurdagen. Og det vart kveld før vi endeleg kom oss av garde vidare. Vi skiftest om å gå fremst, fram om eller ved sida av førarhunden for å hjelpe henne å finne den lettaste vegen, og vi heldt oss godt oppe i lia for å unngå den frosne fossen nedst i Eskerdalen. Ei utforkøyring i eit 10 -15 meter høgt frose fossefall ville ikkje vere bra for nokon av oss.

Og ikkje før var vi ute i breie Sassendalen før det bles opp.

Eg hadde vore i Sassen og besøkt Nøis tidlegare og eg tykte no at vi hadde gått rimeleg lenge utan å sjå noko til hytta, så då vi tok eit lita pause for å skrape isen vekk frå augene og for å rydde opp i eit slagsmål mellom bikkjene, føreslo eg for Kåre at no burde vi kanskje tenke på å snu. Véret var skikkeleg trasig, gjekk vi feil i snøfoket kunne vi fort hamne ut på den usikre isen i Tempelfjorden

eller rote oss heilt vekk øvst i Sassendalen, så vi burde snu medan vi ennå kunne ha ein sjanse til å fylgje våre eigne spor attende til Passhytta. Kulden beit og snøfökjet sto rundt oss så vi såg mest ingen ting.

- Vi går eit kvarters tid til, svara Kåre, ser vi ikkje Fredheim då, så snur vi.

Ein liten halvtime seinare såg vi lyset. Fredheim-folket hadde hørt meldinga vår på radioen, dei visste at vi var undervegs, og no hadde dei hengt ut ei stormlykt for å lose oss fram. Og eg gir ordet til Helfrid Nøis slik ho seier det til Tor Jacobsen i boka «Ishavskvinne» (Gyldendal 1979):

«Klokka to om morgenens nyttårsaften banket det på døra, men vertskapet på Fredheim var forberedt. De hadde fått beskjed over radioen at Hallvard Holm og Kåre Amundsen hadde gitt avkall på den store nyttårsfesten i Longyearbyen og var undervegs til Sassen Bay med julepost. Ville de sette ut lys i vinduet?

De to hadde startet i 30 kuldegrader og sno. I Sassendalen fikk de tett snødrev.

Et kort krigsråd endte med beslutning om å fortsette enda litt før de eventuelt snudde. Bare et kvarter senere skimtet de lyset i vinduet på Fredheim.

Før gjestene hadde fått seletøyet av bikkjene og tint isen i skjegget, sto kjøttkakene på bordet – klokka halv tre på morgenkvisten! Helfrid pratet, Kongen humret og lo og koste seg over det første besøket i Sassen siden september. Det ble morgen før gjestene krøp under dundyner og kvite lakener. Vertskapet foretrakk juleposten.

Nyttårskvelden med ryper og multekrem, kaffe og kaker. Det rak ikke så ofte folk forbi Sassen lenger, Helfrid og Hilmar ville vise takknemlighet mot de to som frivillig gikk glipp av årsfesten i Longyearbyen. Klokka ble tre om morgenens 1. januar 1962 før blide gjester brøt opp med løfte om å ta med krydder når de kom tilbake i påsken!»

Det var godt å kome i hus i Villa Fredheim, men det tok si tid å sette fast bikkjene, lesse av sleden, mate bikkjene, tine isen ut av skjegget og få av seg dei sveisetevåte kleda inne i varmen. Det stima av oss og islandaren var frosen fast i anorakken, men det heimestrikka ullundertyet som mor hadde sendt meg, heldt meg turr innerst inne. Vi hadde med julegåver frå både Store Norske, frå Sysselmannen og frå endå fleire i Longyearbyen, ei svær oksesteik og andre matvarer, konjak og godsaker, men det viktigaste for Helfrid og Hilmar var naturlegvis juleposten, brev og avisar og vekeblad som var komne opp med siste båt for halvannan månad sidan. Alt saman ferskvare for dei to.

Helfrid ville aldri fortelje oss kva slag kjøt kjøtkakene ho serverte oss var laga av, og vi visste så vel at svalbardreinen var totalfreda. Men vi såg at kjøtkverna låg på kjøkenbenken. Kjøtkakene smakte i alle høve utruelg godt, dei, med nyrørte tytebær attåt.

Kvit duk på bordet og kvite lintyserviettar! Det var orden i Fredheim når Helfrid var der, og ho heldt orden på Hilmar óg, Kongen av Sassen Bay. Då han strauk vekk litt brun saus frå eine munnviken med handbaken, irrettesette ho han mildt: «Nå, Hilmar, du har serviett». –Helfrid hadde papir på både «alminnelig og finere husholdning», og som frk. Nielsen hadde ho stelt hus og heim for både Sigurd Hoel og andre prominente menneske i Christiania/Oslo, heimar der menn ved namn Krog og Øverland og Hamsun var vanlege gjester. Og stilens heldt ho inne i Villa Fredheim også, langt inne i Sassenfjorden på Spitsbergen, milevidt frå anna folk.

Og Kongen sjølv smilte lunt i det raudgrå og litt pistrete skjegget og godtok fullt ut at innadørs var det ho som var sjef, og tørka lydig munnviken med lintyservietten resten av måltidet. Dette var Hilmar sin 37 vinter som fangstmann på Svalbard og Helfrid sin 6. Dei vart begge ein vinter til før dei flytta heim til Andøya for godt sommaren 1963.

Dundyner og drivkvitt sengety i ei fangsthytte på Svalbard!

Vertskapet let oss sove til vi vakna langt ut på den siste dagen i året 1961. Sjølve sat dei oppe og las brev og avisar.

Og utanfor låg bikkjene samanrulla i snøen. Utrulege dyr, desse sibir-huskiane. Kjælne som pusekattar når dei lærde deg å kjenne, og ville som ulvar når det var von om eit slagsmål. Det kjekkaste dei visste, bortsett frå å slåss, var å lange ut framfor ein slede. I timesvis, mil etter mil. No låg dei vel og lurte på om vi ikkje skulle gje oss i veg heimover snart.

Truleg er dette den mest minnerike nyttårskvelden eg nokon gong har opplevd. Tida gjekk med til prat og til mat. Ryper med alt tilbehør, og moltekrem! Ferskt heimbaka brød og julebakst. Sanneleg vart gjestane trakterte. Ute var det vindstille og sprengkulde. Vinden som rasa då vi var på veg hit hadde løya. Og kulden hadde auka. Månen lyste opp Tempelfjellet, på andre sida av fjorden. Hundane hylte litt mot månen, og mot kvarandre. Nøis hadde ikkje hundar. Etter at han laut skyte alle hundane sine då folket på Svalbard vart evakuerte hausten 1941, ville han aldri meir ha hundar. Hilmar gret den gongen, og Helfrid hadde aldri sett han gråte før, fortalte ho meg ein gong seinare, etter at Hilmar var død.

Og praten gjekk om nytt frå Longyear og om gamle dagar. Om då Hilmar som 18-19 åring fylgte onkel Daniel på sin første overvintringstur til Spitsbergen, ikkje så lenge etter hundreårsskiftet. Dei budde i den gamle torvhytta den gongen. Om store fangsfelt og om spennende og slitsame turar. Blodslit og einsemd. Stundom var det nære på. Som då det bles opp den gongen Helfrid og han rodde over fjorden frå Bjonahamna. Det var nok Helfrid som berga dei den gongen.

Og Helfrid fortalte om åra i Christiania, om då ho som 37-åring møtte Hilmar på Hurtigruta og om alle åra ho var åleine «nede» mens han låg på fangst. Det var ingen store fakter, dette var ikkje uvanlege opplevelingar eller eventyr for dei to, dette var livet deira, og levebrødet.

Isbjørn hadde dei ikkje sett til no denne vinteren, men sjølvskota sto klare ute i terrenget i fall ein bamse skulle ruske forbi. Hilmar var aldri nokon stor bjørnejeger, men om lag 100 revefeller hadde dei sett ut. Vi såg skinn av både kvitrev og blårev, men kor mange revar dei hadde fått, det ville dei ikkje ut med. Korkje fangsfolk eller andre fortel kor mykje pengar dei har i banken. Oppe på loftet hang deira bankinnskot så langt denne vinteren.

Det var langt på natt til 1. januar før vi skreiv helsingar på første sida i den nye hytteboka og gjorde oss klare for heimvegen. - Det blir så tomt etter dere når dere drar, sa Helfrid etter at vi hadde kledd på oss og sto og surra lasset. Vi på vår side misunte kanskje litt dei to der dei sto utanfor døra til denne heimen sin i øydemarka og vinka farvel til oss, og vi lova å sende ei melding over radioen når vi var vel heime i Longyear.

Heimturen gjekk som ein røyk. Dei fem hundane var mette og utkvilde, vi to var i storform og sleden var ein god del lettare. Vi brydde oss ikkje om å stoppe verken i Passhytta eller i Indrehytta. Termosane som Helfrid hadde fylt til oss, tømde vi i oss sitjande på sleden øvst i Eskerdalen. Det var vindstille no og bitande kaldt, måneskin og myriader av stjerner. Stella Polaris sto mest rett over hauda våre og nordlyset flamma i alle fargar. Alt reflektert av den kvite snøen så det var så lyst at vi utan problem kunne ha lese overskriftene i Lofotposten utandørs.

Og det kjendest godt inni oss at vi hadde gledd dei to med besøket vårt. Eller kan hende var det vi som hadde størst glede av besøket i Sassen.

Ti strake timer tok turen heim. Og då påska kom, drog Kristen Bøen og eg attende til Helfrid og Hilmar Nøis i Villa Fredheim inne i Sassen Bay, med både krydder og litt av kvart anna.


Drøbak 12. 10. 12  
Hallvard Holm

## Nokre av årets polarbøker:

### Monica Kristensen:

#### Kings Bay-saken

Kings Bay-saken snudde opp ned på norsk etterkrigshistorie: Gruveulykken på Svalbard i 1962, der 21 mennesker døde, førte til to regjeringskifter, markerte slutten på Arbeiderpartistaten og Gerhardsens epoke, og innledet



mediealderen i norsk politikk. Nå fortelles for første gang den fulle og hele historien om dette dramatiske oppgjøret med flere nye og oppsiktsvekkende opplysninger. Samtidig skildres en virkelighet Norge glemte: For et lite gruvesamfunn i nord handlet ikke ulykken om den politiske maktkampen. De mistet 21 av sine nærmeste - men også hele det livet de møysommelig hadde bygget opp sammen på Svalbard. For dem ble tilværelsen aldri igjen den samme.

Med kriminalromanene Hollendergraven, Kullunge, Operason Fritham og Den døde i Barentsburg har Monica Kristensen markert seg som en fremragende forteller med helt spesiell innsikt i Svalbard-samfunnet. Med Kings Bay-saken demonstrerer hun de samme styrkene på et dokumentarisk materiale, med et resultat som er like spennende og med like stor sprengkraft som en thriller.

\*\*\*\*


### Turid Karlsbakk:

#### Gripen av Grønland

I spora til far 63 år etter

Ved midnatt mellom 13. og 14. juli 1927 la båten "Hird" fra land i Ålesund med seks fangstmenn ombord. Dei var klare for å erobre ukjende jaktområde på Nordaust-Grønland, og få oppfylt draumane sine om rikdom.

Men alt gjekk ikkje heilt etter planen. Eitt år vart til to, og dei fekk prøve ut eigne grenser både fysisk og psykisk gjennom ugjestmilde møte med vintervêr.



Ein av mennene var Jonas Karlsbakk frå mauseidvågen. Kvar dag i åra han overvintra i Eirik Raudes Land skreiv han i dagboka si. Fullskrivne kladdebøker med vêrobservasjonar og dokumentasjon over hendingar. Dette gjev eit levande bilet av kva fangstmennene gjorde på Grønland og korleis dei overlevde i åra frå 1927-1930.

I 1990 var dottera, Turid Karlsbakk, så heldig å få vere med eventyraren Ragnar Thorseth på det som vart annonsert som ein fotosafari i spora etter dei gamle fangstmennene på Nordaust-Grønland. Dette vart hennar livs seglas. Boka er rikt illustrert med bilete både frå Jonas og Turid Karlsbakk sitt opphold på Grønland.


\*\*\*\*

## Stein P. Aasheim

### I Roald

### Amundsens skispor

Først 100 år etter Roald Amundsen nådde Sørpolen, ble ruta hans repeteret. Meter for meter fulgte Stein P. Aasheim, Vegard Ulvang, Harald Dag Jølle og Jan-Gunnar Winther i pionerensti gjenblåste skispor. 14. desember var målet - hundreårsdagen og jubileumsfeiring. Statsminister Jens Stoltenberg ventet på polpunktet. De greide det, med noen minutters margin.



Boka gir et usminket bilde av kappløpet for å holde tritt med Amundsen. Bedre enn noen er Stein P Aasheim i stand til å sette ord på både gleder og lidelser underveis. For alt gikk ikke som planlagt. «Jeg forsvant ned i en mørkekjeller jeg ikke visste fantes», skriver Aasheim. Da var det fortsatt 400 km igjen.

Aasheim knytter på en unik måte jubileumsekspedisjonen til Amundsens egne erfaringer loo år tidligere. Sjeldan har vi kommet nærmere Roald Amundsens eget kappløp.

\*\*\*\*

## Jan Ingar Hansen: Amundsens betrodde mann

Mens de store heltene som Amundsen og Nansen ruver i den norske polarhistorien, fortelles lite om mannen som gikk veien til målet sammen med dem, og som muliggjorde

suksessen. Oscar Wisting er mannen som fulgte Amundsen i 16 år, fra ferden mot Sydpolen i 1910, gjennom ekspedisjonen til Nordostpassasjen i 1918 og forskningsferden med «Maud» i Nordishavet, til flukten over Nordpolen med «Norge» i 1926, og som spilte en helt avgjørende rolle for at Amundsen skulle nå sitt mål. Jan Ingar Hansen forteller historien om hvordan den lojale underordnede ble Amundsens viktigste og mest betrodde mann, og med mange av Wistings og resten av mannskapets personlige betraktninger fra de dramatiske ekspedisjonene gir denne Oscar Wisting-biografien samtidig et innblikk i den norske polarhistorien fra en ny og spennende synsvinkel




Sigri Sandberg

Meløy:

## Polarheltinner

Djerve damer i vill natur!




For første gang portretteres de heftigste polarkvinnene våre, samlet i én bok. Sju kvinner fra fangstliv, ekspedisjoner og forskning de siste 100 år; den eldste vandret alene langs Svalbards kyst i 1907, den yngste har akkurat besteget sin femte 8000-meter. Boka byr på en dramatisk alenefødsel i en fangsthytte, orkaner, polpunkt, isbjørn- og sponsorjakt - krydret med latter, drømmer, politikk og spinnvill kjærighet. For disse kvinnene forlot det trygge, og har satt spor etter seg, både i nådeløs natur, polarhistorien og i mange mannehjerter. Boka avslører ukjente fakta, nye fortellinger og prøver å forklare denne dragningen mot isbaks, kulde, ro og ensomhet. Du møter blant andre Cecilie Skog, Wanny Wolstad og Monica Kristensen.

## Nansen over Grønland

Bjørn Ousland

Målgruppe: 8-14 år



Fridtjof Nansens første ekspedisjon i 1888 revolusjonerte polarutforskningen. Seks nordmenn overlates til naturkrefte i drivisen utenfor Grønlands østkyst. Mottoet er vestkysten eller døden. En spennende illustrert beretning som følger opp Ouslands polarbøker Nordover og Sydover som blant annet var nominert til kulturdepartementets litteraturpris, og brukt i kampanjen Bok for alle i 2010.

Alexander

Wisting:

## Hjalmar

## Johansen

Seierens pris. En biografi



Fra polarisen til selvmord i Kristiania

Hjalmar Johansen skrev seg inn i historiebøkene da han forlot den innefrosne polarskuta Fram for å gå mot Nordpolen sammen med Fridtjof Nansen.

Berømmelsen skulle bli et tveegg sverd. Johansen fikk et liv i fritt fall mens Nansen bygget nasjonen. Fra ruinene av en ødelagt karriere, rusproblemer og et havarett ekteskap viste han likevel styrke til å reise seg for en siste anstrengelse i polarisen.

Biografien følger Johansens liv fra barneårene i Skien til selvmordet i Kristiania i 1913. Underveis møter vi en mann med både jernvilje og tydelige mål. Han lykkes med det meste før en indre uro slår beina under tilværelsen.

Gjennom et nært portrett av Johansens liv undersøker Wisting hvorfor en av tidens store helter falt sammen bak de nasjonale triumfene. Vi får her et helt nytt bilde av mannen som levde i skyggen av våre største polarhelter.

Helge Gert Simonsen

## Kapringen

**Historien om «Isbjørn» og evakueringen av Svalbard**

En tidlig novembermorgen i 1941 legger en av Oslofergene til ved en brygge på Håøya i Oslofjorden. Seks gruvearbeidere fra Longyearbyen blir én etter én ført fram til en massegrav hvor de blir skutt av tyske marinesoldater.

29. mai hadde de kapret isbryteren «Isbjørn» for å dra til alliert havn og slutte seg til

motstandskampen mot Nazi-Tyskland. På grunn av uvær og dårlige navigasjons-kunnskaper måtte de gi opp og ble ført til Tromsø.

Samtidig med rettsaken i Oslo blir Svalbard evakuert og gruveanleggene ødelagt. Dette fører til annen akt i dette ishavsdramaet. Direktøren i Store Norske og 14 andre nordmenn blir drept av tyske flyangrep utenfor den russiske gruvebyen Barentsburg idet de forsøker å gjeninnta gruvene.

Dette er den første sammenfattende beretningen om de tragiske begivenhetene som fant sted i Ishavet og Oslofjorden for 70 år siden.


Kr. 339,-



## Dag Hagenæs-Kjelldahl **Døden på Bjørnøya** Djeveløyas 400 år - og to av mine egne

Bjørnøya har noe av verdens verste klima. Når det stormer, hender det at bølgespruten slår hardt mot vindusrutene på værstasjonen oppå kanten av øya, det eneste stedet hvor det bor folk.

Dag Hagenæs-Kjelldahl er en av dem som kjenner Bjørnøya best. Årene som meteorologiassistent på ishavsoya har satt dype spor, minnene kan fortsatt mane fram mareritt. Han brukte frivaktene til å utforske områder av øya der menneskefot sjeldent tråd, og hvor minner fra fortida har fått ligge i fred. Han studerte gamle rapporter om forlis, mord, fangst og mysterier. Så en mørk vinterdag



forsvinner en av kameratene, mens hunden hans vender alene tilbake til værstasjonen.

På den forblåste ishavsoya midt i Barentshavet har flere fått en brå og tragisk død. De mange skjelettene - ikke bare etter isbjørn og hvalross - taler sitt eget språk. I Døden på Bjørnøya tar Dag Hagenæs-Kjelldahl utgangspunkt i noen nervepirrende episoder, men forteller også hele øyas historie.

## Den rette mann. Historien om Sysselmannen på Svalbard

Thor Bjørn Arlov

Da Norge overtok suvereniteten over Svalbard i 1925, ble det samtidig innført en egen administrasjonsordning for øygruppen. Sysselmannen på Svalbard er regeringens øverste representant og har samme myndighet som en fylkesmann, men er samtidig politimester og har rettslige funksjoner. Institusjonen er unik i norsk statsforvaltning.


Thor B. Arlov  
**Den rette mann**  
Historien om Sysselmannen på Svalbard



Denne boken tar utgangspunkt i strevet for å få norsk suverenitet på Svalbard og følger sysselmannskontoret fra den forsiktige starten i 1925 og frem til i dag. Bestillingens utvikling og virksomhet blir analysert i fire hoveddimensjoner: forholdet til sentrale myndigheter, det norske lokalsamfunnet, russerne på Svalbard og andre internasjonale aktører. I tillegg til å være en institusjonshistorie gir boken et innblikk i norsk svalbardpolitikk gjennom hundre år.

**Dei fleste av bøkene kan kjøpast på Ishavsmuseet.**

**Ishavsmuseet Aarvak rettar ei stor takk til hovudsponsorane sine for året 2012.**



**VS Poland Sp. z o.o.**

## **Plukkfangst: Gullfunn på Grønland**

Selskapet Nuna Minerals har funne ein ny og rik forekomst av gull nær Nanortalik sør på Grønland. Funnet styrkjer vona om at det finst eit større gullbelte i regionen, heiter det i ei børsmelding frå selskapet. Det nye funnet er gjort ved Jokum's Shear ved Danell Fjord søraust på Grønland, heitte det i meldinga til Fondsbørsen i København. Geologisk er området mykje likt nordamerikanske strøk der det blir vunne ut gull, blei det opplyst.

I 2012 er det samla inn 36 prøver på ei strekning på 1,5 kilometer i høgder mellom 650 og 1.150 meter over havet. Fleire av prøvene inneheldt opp til 9,3 gram gull per tonn malm, skriv nyhetsbyrået Ritzau.

(Kjelde: VG-Nett)

## **Urovekkjande målingar på Svalbard**

Målestasjonen på Zeppelinfjellet ved Ny Ålesund har målt rekordhøge karbondioksidverdiar i atmosfæren. Det er alarmerande fordi det aukar den globale oppvarminga. Mykje tyder på at stadig meir karbondioksid blir igjen i atmosfæren og at havet og vegetasjonen tek til seg mindre. Forskningsdirektør Nalan Koc ved Norsk Polarinstitutt seier at utsleppa av klimagassar må reduserast om ikkje noko dramatisk skal skje med klimaet på jorda. Forskningsdirektøren meiner det må takast store grep, at politikarane i verda må ta tale klart og handle solid for å møte dette trugsmålet: fangst- og lagring av karbondioksid, bruken av olje og kol må monaleg ned.

(Kjelde: Aftenposten)



## Ein eventyrleg sesong går mot slutt

Ishavsmuseet er i ferd med å legge bak seg eit drifts-år med nye rekordar. Aldri før har så mange besøkt museet, og aldri har museet hatt høgare omsetning og sunnare økonomi. For første gang har Ishavsmuseet kunne utvida frå 1 til 2,25 stillingar. No, midt i november, har over 7.000 personar løyst billett på museet, og framleis står fleire grupper booka i kalenderen. I heile 2011 var det same talet 4053.

I 2012 har vi feira ishavsskuta Aarvak sine 100 år gjennom heile året. Tanken ved sesongstart var at det skulle vere eit arrangement i månaden med polart tema med ei stor jubileumshelg i slutten på august. Dette er gjennomført med stor suksess. Polarkveldar med påfølgjande middagsservering har vore svært vellukka, og sjølvsagt noko som vert vidareført i 2013. Kanskje ikkje så tett som i jubileumsåret.

På Ishavsmuseet er vi opptatt av å formidle vår spanande soge frå fangst og fiske, men også naturlegvis andre deler av vår polarhistorie. I 2012 har vi skipa til 10 polarkveldar/dagar med foredrag av ulike polare tema. Snittbesøket på 148 frammøtte kvar av kveldane vitnar om stor interesse for slike kveldar. Også ishavs-showet med Alex Rosén under opninga av Aarvak jubileet samla fulle hus og var utseld på førehand. Av andre arrangement i år nemner vi gudsteneste frå dekk på Aarvak, trekspelkveld frå dekk på Aarvak, programkveld for Aarvak-mannskap, grillkveld, besøk av KNM Hitra, og to familiesøndagar med opplesing og aktivitetar for borna. I mai vitja også kronprinsparet Ishavsmuseet og 100-åringen Aarvak.

Brandal-konferansen med fokus på nytenking i norsk selfangst vart også ein suksess med

mange faglege foredrag. Meir om konferansen annan stad i bladet.

Aarvak-jubileet vart avslutta søndag 2. desember. Arrangementet føregjekk naturlegvis frå dekket på jubilanten i eit kaldt Aarvak-hus. Arrangementet var annonsert som eit islendar- og termodress-treff. Det skal vere kaldt på ishavet. Det vart også servert stormsuppe og julegløgg. Den ferske boka, «Soga om Aarvak», gjekk også godt unna denne dagen.

Fleire nye utstillingar har også kome til dette året, og største satsinga er naturleg nok utstillinga Ragnar Thorseth -LEVD LIV. Første del av utstillinga vart opna 12. oktober av Fylkesmann Lodve Solholm. Del to av denne omfattande utstillinga skal opnast 1. mai 2013.

Til denne datoен vonar vi også å ha ferdig eit par andre nye avdelingar i museet.



*Fylkesmann Lodve Solholm las mellom anna nokre vers av «Dei vil alltid klaga og kyta» av Ivar Aasen, før han klipte snora til det nye Thorseth-rommet. Foto: Ingvild Aursøy Måseide/Vikebladet Vestposten.*

Museumsåret 2012, der Ishavsmuseet står på eigne bein utan konsolidering, kan utan tvil kallast ein stor suksess. Interessa rundt museet har dette året vore enorm. Givargleda har vore stor både frå dei som har levert inn gjenstandar og foto, og ikkje minst dei som har ytt økonomiske bidrag gjennom året i form av pengegåver og sponsoravtalar. I løpet av året har Ishavsmuseet også signert samarbeidsavtalar med Frammuseet, Svalbard Museum og Pier 21 i Halifax.

# Kjære ishavsvener!

I skrivande stund er ein i ferd med å runde av eit historisk år på Ishavsmuseet Aarvak. Ishavsmuseets Venneforeining gratulerer med suksessen!



Det har vore det første året på eigne bein samtidig som vi har feira at Aarvak er hundre år. Nyttårsaftan 2011 klokka 23.50 sat vi spente på Ishavsmuseet og telte ned dei siste minutta før vi offisielt var ute av Stiftinga Sunnmøre Museum. Eg trur ingen av oss såg føre seg den suksessen som vi no kan sjå tilbake på.

Venneforeininga har fortsatt veksten i medlemstalet, og rundar straks 600. Isflaket har vist seg som ei stadig veksande merkevare for museet gjennom godt fagleg innhald, utsjånd og kvalitet.

Museet har hatt rekordstor aktivitet på foredrag og andre arrangement, det har vore meir eller mindre fullt hus kvar einaste gong. Ishavsmuseets Venneforeining er stolte av å ha fått vere med aktivt på gjennomføringa av desse arrangementa. Aktiviteten, besøkstala og ikkje minst det særskilte positive økonomiske resultatet har heva lista og skaper store forventningar for dei komande åra. Det vil ikkje alltid gå på skinner, og pilene vil ikkje alltid berre peike oppover, men leiinga har bevist at dei kan halde skuta på rett kjøl, sjølv når det stormar som verst.

Det er vanskeleg å plukke høgdepunkt frå eit år der kronprinsparet har vore på besøk i høve hundreårsmarkeringa, og jubileumsveka i samband med Brandalsdagane har vore ein stor suksess med blant andre Alex Rosén som trekkplaster.

Dette er monumentale hendingar, men eg vil trekke fram noko anna som mitt høgdepunkt. Det siste året har museet opplevd at yngre krefter har fatta interesse for arbeidet med å dokumentere den rike fangsthistoria. Vi har stadig fleire unge menn som utfører hardt

arbeid på dugnad, og unge kvinner som guidar og hjelper til med arrangement. Dette er mitt høgdepunkt.

At vi har eit generasjonsskifte, gjer at museet kjem til å fortsette utviklinga i tida framover. Saman med eit aktivt styre, ein engasjert og offensiv styreleiar og ein stødig og modig museumsbestyrar er vi i Venneforeininga med på eit vinnarlag som vil arbeide hardt for å sette nye rekordar og fortsette å heve lista i lang tid framover.

Takk til alle som har vore med på å gjere 2012 til eit historisk år for Ishavsmuseet Aarvak. Eg ynskjer alle ei god jul og eit godt nytt år.

Med venleg helsing Stian Runne Brandal Formann, Ishavsmuseets venneforening



Sindre Moltu Risøen og Sven-Aslak Veiseth på dugnad for venneforeininga.



Stian Runne Brandal (tv) og Bjørn Røyseth har kjøkkenteneste på museet. Venneforeininga stilte opp under julemessan i november 2012. Foto: Sven-Aslak Veiseth.



# Vi hører til her

Det er mykje inspirasjon å hente i naturen rundt oss og glede av å vere på veg er ofte like givande som å nå sjølve målet.

For Sparebanken Møre er det viktig å støtte verdfulle aktivitetar som skapar trivsel og velvere. Dess betre folk i Møre og Romsdal har det, dess betre har vi det.

**Sparebanken Møre**  
- stolt samarbeidspartnar for Ishavsmuséet Aarvak



**SPAREBANKEN MØRE**


# Vegen vidare for FRÅ RUFFEN Ishavsmuseet

Av Finn Sindre Eliassen



Når eit år er til ende for Ishavsmuseet - det første utanfor Stiftinga Sunnmøre Museum - er det naturleg å tenkje på kursen vidare. Kva blir viktig å arbeide med framover, kva skal det satsast på, korleis skal ein sikre økonomi og drift, særleg no når krisa ute i Europa nærmar seg? Er det nok med dognadsarbeid og inntekter frå sponsormarknaden? Det er ikkje sikkert.

Tidlegare i år har det kome fornuftige innspel om desse tinga frå Sverre Måseidvåg, tidlegare rektor ved Volda lærarskule og Stein Ørnhei, tidlegare NRK-mann og SV-politikar. Begge gjesta nyleg Ishavsmuseet og har hatt artiklar på trykk i Isflaket.



Ragnar Thorseth (tv) og Stein Ørnhei møttes på Ishavsmuseet. Foto: Finn Sindre Eliassen

Skulemannen Sverre Måseidvåg var med Aarvak på forfangsilda i 1956 og på storsilda og i Vestisen året etter. Han kjenner svært godt til utviklinga ved Aasentunet frå pusleri til eit kultursentrums det står respekt av.

I det førre nummeret av Isflaket skriv Måseidvåg mellom anna dette: "Ishavsmuseet på Brandal er allereie eit imponerande dokumentasjons- og opplevingssenter med stor

aktivitet, men det er eit senter som lever av tilfeldige almisser og dognader. Små og lokale museum kan i ein viss grad overleve på eit slikt grunnlag, men dei vil aldri ekspandere og bli verkeleg gode i sitt slag. Ishavsmuseet på Brandal er av ein heilt annan karakter og standard: Det er eineståande i sitt slag og det speglar ei historie, ein tradisjon, ei næring og eit spesifikt miljø som ikkje berre har nasjonal verdi, men også interesse lenger ut pga si polare tilknyting. Dette dokumentasjons- og opplevingssenteret må snarast sikrast eit budsjett frå nasjonale kulturmiddlar som kan trygge drifta og gi rom for vidare kvalitet og vekst. Slik kan museet halde fram med å ta vare på og utvikle og i enda større grad synleggjere den nasjonale og historiske skatten som i dag er samla i Ishavsmuseet i Brandal."

Ei sikker finansiering over offentlege budsjett er truleg det einaste som kan sikre og utvikle kompetanse og drift ved Ishavsmuseet, med museumstanken som grunnlag. Sverre Måseidvåg avsluttar artikkelen sin med å spele ballen over til kommunane i området og Staten: "Ishavsmuseet på Brandal er ikkje puslete: Det har ei stor og særmerkt ishavsskute og mykje bygningsmasse med tusenvis av gjenstandar innanfor sitt tradisjonsrike område, og det har ein styrke av dyktige og interesserte vener. Men det er ikkje nok i det lange laup, og det gir ikkje den kraft til ekspansjon og kompetanseutvikling som er nødvendig for å vere liv laga. Difor bør det takast visse grep på sikt: Sunnmørskommunane og da særleg Herøy, Ulstein, Ørsta og Ålesund må dragast meir inn i ansvar og styring. Desse kommunane har ei særleg historie knytt til selfangst og overvintring. Ishavsmuseet må bli skikkeleg kjent i Kulturdepartementet, og eit endeleg mål må vere å arbeide inn varige løvvingar over Statsbudsjettet."

Stein Ørnhei hadde med seg eit NRK-team til Newfoundland med Polarstar i 1968 for å filme korleis fangstfolka dreiv fangsten. Det var hetsen mot selfangsten i Paris og andre storbyar som gjorde at det unge NRK-TV i folkeopplysninga si ånd sende dei med Polarstar.

Selfangsten var i mange år ei stor eksportnæring. Under gjestinga si på Ishavsmuseet streka Ørnhoi under at Ishavsmuseet måtte få fram kor viktig næringa i mange tiår var for landet og gjere synleg heile verdikjeda.

Det var ikkje berre fangstfolka og reiarane som tente pengar, men også skipsverfta som bygde og heldt ved like skutene, selskapa som leverte bunkers og utrustning, dei som arbeidde på mottaka for skinn og spekk, dei som arbeidde vidare med pels og olje. Oppgåva er å få fram kor stor og viktig næringa var for land og folk.

Ørnhoi meinte at Ishavsmuseet må kontakte kompetente miljø på universitet og høgskular, slik at nokon kan skrive til dømes ei masteroppgåve om dette emnet. Det er ikkje gjort før. Og det er på høg tid at det vert gjort.

Ishavsmuseet må på ein eller annan måte formidle konkret kunnskap om kor stor selfangsten var både i utstillingane og publikasjonane slik at dette vert tydeleg både for folk som kjem innom og alle andre som vil lese og lære.

Ørnhoi meinte det er greitt nok å vise overvintringsfangsten og så bortetter i museumslokala, men den fangsten var viktig berre for dei som dreiv, og hadde liten økonomisk betydning for landet.

Det var selfangsten - Stretet, Newfoundland, Vesterisen, Kvitsjøen, Austisen - som var ei verkeleg stor næring i mange år. Det må avspegle seg i Ishavsmuseet.

Det betyr at historia om selfangsten ikkje er interessant berre for spesielle grupper, men har to i seg til å fengje eit langt breiare publikum. Oppgåva er altså å få kompetente folk til å forske på dette, skrive om det og publisere resultata. Ishavsmuseet må deretter formidle denne kunnskapen til så mange som råd er, ikkje berre dei som kjem innom.

Ørnhoi meinte at Ishavsmuseet Aarvak - som er det fulle namnet - burde skifte namn til Norsk Ishavsmuseum, for å gjere det lettare å få nasjonal status.

Både Ørnhoi og Måseidvåg har god kjennskap til museumsdrift. Den første frå Nes Jernverksmuseum. Den andre frå Aasentunet. Det gjer det vel verdt å lytte til synspunkta deira. Om Ørnhoi sine tankar vert følgde opp, trur eg det blir lettare å få drifta ved Ishavsmuseet finansiert over statsbudsjettet slik Måseidvåg argumenterer for.

## **Plukkfangst: Stadig tynnare snødekke i Arktis**

Snødekket i Arktis blir stadig tynnare. De siste 30 åra har det minka med vel 20 prosent per tiår, viser ein ny studie i det vitskapelege tidsskriftet Geophysical Research Letters.

Utbreiinga av is på sommarstid i Arktis sette ny botrekord i år. Den 16. september, rett før isen tok til år fryse til igjen før vinteren, dekte han eit område på 3,41 million kvadratkilometer – den lågaste noteringa sidan målingane starta i 1979.

Den nye studien viser at også snøen på land i Arktis smeltar vekk, i langt større grad enn fagfolk tidlegare hadde rekna med.

– Smeltinga var meir omfattande enn vi hadde trudd, skriv Chris Derksen og Ross Brown.

Forskarar har sidan 1979 målt snødekket i Arktis kvar månad. Mdan sommarisdekket har smelta med gjennomsnittleg 13 prosent per tiår, er talet for snøens sitt vedkommande 21,5 prosent, går det fram av målingane.

Smeltinga har ført til at snødekket som ligg når det blir vår i Arktis, har skrumpa inn frå ni million kvadratkilometer i 1980 til rundt tre million i dag.

Forskarane reknar med at denne utviklinga vil fortsette.

(Kjelde: [www.abcnyheter.no](http://www.abcnyheter.no))

## **Brandal friskule på museumsbesøk.**

Tysdag 30. oktober var elevar og lærarar ved Brandal friskule på museumsbesøk for å sjå på den nye utstillinga Ragnar Thorseth – LEVD LIV.

Det var ein engasjert gjeng som kom inn dørene. Det var tydeleg at dei hadde arbeida med den «siste viking». Her kunne dei ramse opp både ekspedisjonar Ragnar har våre på og kva år han var født. Elevane kunne fortelje masse om Ragnar. Nokon såg til og med kjent-folk på bilda på veggane i Thorseth-utstillinga. Bilda og tinga vart godt studerte av elevane, og dei diskuterte seg imellom. Den gjendstanden som fanga mest oppmerksomheit hos gutane var sjølvsagt båtmodellen

Desse flinke elevane kunne også fortelje om «Saga Siglar». Den utstillinga blir opna i neste del av utstillingane her på Ishavsmuseet den 1. mai 2013.

Etter å ha studert blide og ting i utstillingsmonterane vart alle samla nede i første etasje.

Ishavsmuseet kunne stille med ei overrasking som verken lærarar eller elevar viste noko om. Alle saman fekk utdelt ei bok med tittelen: «Fangstmannsliv/ Bjørnson og Larsson» i gáve frå Ishavsmuseet. Beathe Holstad på Ishavsmuseet seier at det er kjekt og kunne bidra med noko til den lokale skulen, og vonar at elevane kan lære meir om fangsthistoria med denne bokgáva.

På bloggen til Brandal friskule kan du lese meir om førebuingane dei hadde før museumsbesøket.

( [www.brandalfriskule.blogg.no](http://www.brandalfriskule.blogg.no) )



**Hareid®  
Group**

# Sunnmørske stadnamn på Svalbard

Av Gunnar Ellingsen



*Ny-Ålesund er det mest kjende sunnmørske stadnamnet på Svalbard. I vår tid er staden eit svært internasjonalt forskningssamfunn, med t.d. kinesiske og sørkoreanske forskningsstasjonar i dei to husa til høgre.* (Foto: Gunnar Ellingsen)

## Bakgrunn

18. mars 1925 sette den norske regjeringa ned ei nemnd som skulle kome med framlegg til ei samordna og homogen fastsetjing av namna på Svalbard. I omgrepet "Svalbard" ligg både Spitsbergen, Barentsøya, Edgeøya, Bjørnøya, Hopen, Kong Karls Land, Kvitøya, Nordaustlandet og dei mindre øyane i øygruppa.

I 1928 tok "De norske Svalbardekspedisjoner" (seinare kalla "Norges Svalbard- og Ishavundersøkelser") over dette namnsettjingsarbeidet og fullførte det til utgangen av 1934. Utgangspunktet var m.a. alle tilgjengelege bøker, kart o.l. om Svalbard og Ishavet. Om lag 10000 namn vart vurderte, og om lag 3300 av dei vart godtekne. Seinare har ansvaret for fastsetjinga av stadnamn vore

ei av oppgåvene til Norsk Polarinstitutt, og ein av hovudreglane er at typisk norske namn helst skal skrivast på nynorsk.

I 2011 var talet på godkjende og ikkje godkjende stadnamn på Svalbard kome opp i 16821. Ein del av namna har tilknyting til Sunnmøre og/eller sunnmøringar, og opplysningane nedanfor er dels henta frå Norsk Polarinstitutt sin database "Stadnamn i norske polarområde" og frå boka "Stadnamn på Svalbard".

## Området ved Ny-Ålesund



*Brandalpynten i framgrunnen, med Brandalpynten lykt ute på neset og Brandallaguna til venstre inne på neset.* (Foto: Gunnar Ellingsen)

**Ny-Ålesund** er ein busetnad og eit tidlegare gruveområde, no forskningssenter på Brøggerhalvøya på sørkysten av Kongsfjorden (Kings Bay). Namnet Ny-Ålesund vart fastsett av gruveselskapet Kings Bay Kul Comp. A/S som heldt til i Ålesund og som dreiv gruvene.

Her har vore mellom anna: Gruvedrift 1917-1962 (formelt slutt i 1963), men britiske kvalfangarar skal ha funne kol her allereie for om lag 300 år sidan. Fiskeristasjon til den norske regjeringa 1935-1939, hotell ("North Pole Hotel") i somrane 1937, 1938 og 1939. Permanent forskningsstasjon frå slutten av 1960-åra, og med stadig fleire utanlandske forskrarar (om lag 15 utanlandske forskningsstasjonar er no stasjonerte her). Utgangspunkt for følgjande polarekspedisjonar: Amundsen-Ellsworth med flya "N 24" og "N 25" i 1925; Amundsen-Ellsworth-Nobile med luftskipet "Norge" i 1926; Richard Byrd med fly til Nordpolen den same sommaren; Umberto Nobile med luftskipet "Italia" i 1928.

**Brandal City** er eit såkalla "Ikkje godkjent stadnamn". Peter Andreas Severinson Brandal (1870-1933) var i Kings Bay sommaren 1916 med "Polaris" og "Signalhorn" og døypte staden for Brandal City. Han var frå Brandal og var selfangstskipper og eigar av selfangstskuter, grunnleggjar, direktør og ein av hovudaksjonærane i Kings Bay Kul Comp. A/S som vart skipa i 1916. Nemninga Brandal City finst på kart over busetnaden i 1919, men kom ikkje i vanleg bruk.

**Brandallaguna** ligg på Kongsfjorden vest for Ny-Ålesund. I 1913, før sunnmøringane for alvor kom til dette området, vart det gjort framlegg om at laguna skulle heite Rommen lagune, men det er ikkje eit godkjent stadnamn.

**Brandalneset** ligg på austsida av Brandallaguna. Det er eit ikkje godkjent stadnamn.

**Brandalpynten** er eit nes på yttersida av Brandallaguna. Andre namn på staden: Cape Coal (1912), Ankerpynten, North Point (1921), Brandalsøra (1955).

**Brandalsøra** er ikkje godkjent stadnamn. Sjå Brandalpynten.

**Knudsenheia** ligg mellom Bayelva (Raudelva) og Brandallaguna, og har namn etter Michael Julius Bretanus Knutsen (1863-1948) frå Ålesund. Første del av det offisielle namnet er Knudsen, men på familiegravstaden på Nørve gravlund i Ålesund er namnet skrive Knutsen. Michael Knutsen var ein av grunnleggjarane og hovudaksjonærane i Kings Bay Kul Comp. A/S som dreiv gruva.

**Mørebekken** renn frå Mørebrean til Bayelva (Raudelva) og Kolhamna ved Ny-Ålesund, og også dette namnet stammar frå den første gruvetidsperioden.

**Mørebrean** ligg på nordsida av Scheteligfjellet vest for Ny-Ålesund.

**Åmdalen.** Dalen ligg sør for Brøggerfjellet ved Ny-Ålesund og er oppkalla etter Peder Johan Pederson Aam (1896-1971) frå Ørsta som overvintra mange år i Ny-Ålesund i tidsrommet 1922-1948. Han gifta seg med Berta Gevaldsdotter Nesset (1891-1970) frå Hareid. Ho kom til Ny-Ålesund i 1924 og budde der i fleire år. Seinare budde dei på Hareid.

## Gruvene kring Ny-Ålesund



Sør for Ny-Ålesund ligg fjella med fleire av gruvene. (Foto: Gunnar Ellingsen)

Fleire av gruvene har vorte namnsette av gruveselskapet etter konene til direktørane og sjefane for Kings Bay Kul Comp. A/S. Dei andre gruvene med kvinnenamn, i tillegg til dei som er nemnde nedanfor, er Agnes Gruve, Ragnhild Gruve og Sofie Gruve. Verken Agnes

Olga Tveten Smith, Ragnhild Helene Fjellbu Merckoll eller Sofie Maria Hallsberg Sherdal var sunnmøringar eller gifte med sunnmøringar, og gruvene deira vert difor ikkje meir detaljert omtalte nedanfor.

**Esther Gruve** vart opna i 1923 og stengd i 1929. Ho har namn etter Esther Klausen, fødd Brøgger (f. 1888). Ho var frå Ålesund og gifta seg i 1907 med Trygve Klausen (1876-1924) som også var ålesundar. Gruvenamnet er fastsett av Kings Bay Kul Comp. A/S. Gruveulukka 5. november 1962 som kravde 21 menneskeliv og som utløyste politisk krise og regjeringsskifte, skjedde i Esther IV-gruva.

**Josefine Gruve** var i drift 1920-1924. Ho heiter etter Josefine Marie Hansdotter Brandal (1872-1947) frå Brandal, gift med Peter Andreas Severinson Brandal. Namnet er fastsett av Kings Bay Kul Comp. A/S.

**Otilie Gruve 1 og 2** er ikkje godkjende stadnamn. Den "gamle" Otilie var i drift i 1920-1921, og den "nye" Otilie i 1923-1924. Dei er oppkalla etter Otilie Knutsen, fødd Andersen i Drammen i 1864, og gift i 1891 med ovannemnde Michael Julius Bretanus Knutsen.

**Advokatgruva, Nye og Gamle**, er ikkje godkjende stadnamn. Den nye gruva ligg om lag 500 m aust for den gamle. Dei vart opparbeidde i 1918 og 1920 og har namn etter fornemnde Trygve Klausen. Han var advokat og ein av grunnleggjarane og hovudaksjonærane i Kings Bay Kul Comp. A/S. Namnet er fastsett av dette gruveselskapet.

**Skjerva** er ikkje godkjent stadnamn. Prøvehøl som vart opna i 1913 ved foten av Scheteligfjellet vest for Ny-Ålesund. Namnet syner til Skjerva i Ålesund, eigedomen til Michael Julius Bretanus Knutsen, og er fastsett av gruveselskapet.



*Ny-Ålesund i mellomkrigstida, då staden var det nordlegaste gruvesamfunnet i verda.*

### Nordvestlege Spitsbergen



*Bjørlykkebreen*



### Gangerolvfjella

**Bjørlykkebreen** er ei sidearm til Lilliehöökbrean vest på Haakon VII land og har namn etter Knut Olai Bjørlykke (1860-1946) fra Bjørlykkja i Sande. Han var geolog, studerte m.a. isbregeologi og var professor ved Norges Landbruksøyskole på Ås. Andre og helst eldre namn på Bjørlykkebreen er Glacier Albrecht Penck og Penckbreen.

**Gangerolvfjella** er eit om lag ti kilometer langt fjellområde som stig opp til 778 m og som ligg sør for Hugindalen, vest for Friggfjella og vest og nord for Lyckholmdalen på vestsida av Dicksonlandet. Det er oppkalla etter Gange-Rolv.

### Sørlege Spitsbergen

**Ålesundneset** ligg mellom Ingebrigtsenbukta og Levinbukta på sørsida av van Keulenfjorden, lengst nord på Wedel Jarlsberg Land. Neset skal ha namn etter ein skipper fra Ålesund som fanga kvitkval her, og nemninga er m.a. brukt i 1905.

**Hovdenakgrunnen** er på sørsida av innløpet til Hornsund og har namn etter Gunnar Hovdenak som vart fødd 8. februar 1892 i Ålesund som son av ingeniør Nils Olaf Hovdenak frå Bolsøy og kona Helene Katharine f. Fjeldstad frå

Kristiania. Familien flytta seinare til Molde. Gunnar Hovdenak utdanna seg i marin og var mellom anna kommandørkaptein om bord i destroyeren St. Albans i 1941 og seinare sjef for Sjøkommando Sørlandet frå 1945 til 1959. Han døydde i Horten i 1981.

**Hovdenakskjera** er to små skjer på Hovdenakgrunnen, om lag fire kilometer vest for Hornsundneset. Jf. namneforklaringa ovanfor.

**Vartdalsåta** er ein 537 meter høg nunatak mellom Svalisbreen og Skilfonna nordaust på Sørkapplandet og er oppkalla etter lektor Hroar Vartdal (1903-1950). Han var i fleire år bibliotekar ved Norges Svalbard- og Ishavundersøkelser og laga m.a. ein bibliografi over norske dokument om Grønland og ein om norsk kvalfangst. Hroar Vartdal var ikkje sjølv sunnmøring, men faren Paul Vartdal (1876-1914) var frå Søre-Vartdal. Han var handelsskulestyrar i Oslo og i Sandefjord.

**Aasepasset** er eit isbrepass mellom Svalisbreen, Skilfonna, Hedgehogfonna, Vartdalsåta og Tatjanafjellet. Namnet har det etter Aase Aslaug Stub (1903-1992) som var gift med ovannemnde Hroar Vartdal.



Nede i denne forrevne fjellheimen på det sørlege Spitsbergen ligg truleg både Vartdalsåta og Aasepasset, og ein stad ute ved vestkysten er Hovdenakgrunnen og Hovdenakskjera. (Foto: Gunnar Ellingsen)

## Bjørnøya og Hopen



*Egsetstranda ligg nedanfor Werenskioldfjellet på Hopen. (Foto: Gunnar Ellingsen)*

**Egsetstranda** ligg vest for Werenskioldfjellet på Hopen og heiter etter Jon Magnus Johanson Egset (1915-1982) fra Volda. Han var assistent for Thor Askheim i 1939 og 1947 under kartlegging av Hopen.

**Møregrunnen** ligg på vestkysten av Bjørnøya og har namnet sitt etter Møre fylke som fylkesnamnet var i 1929 då dette namnforslaget vart lansert.

## Også "sunnmørske" namn?

**Krøvelen** er ein 479 meter høg nunatakk som ligg mellom Eivindbreen og Andreasbreen i Jacobsenfjella på Oscar II land. Den offisielle forklaringa på namnet er ”liten, ynkeleg” og har såleis ikkje noko tilknyting til gardsnamnet Krøvelen i Åmdalen i Ørsta eller personnamnet Krøvel. Ein skal likevel ikkje utan vidare sjå bort frå at det kan skuldast slik påverknad, for det var fleire åmdalingar som var på Svalbard særleg i mellomkrigsåra.

**Krøveltjørna** er ein liten innsjø ved endemorenene for Eivindbreen og Andreasbreen nordaust for Dahlbreen på Oscar II land. Den offisielle forklaringa på namnet er knytt til ovannemnde Krøvelen.

## Kjære Ishavsvener.

Av styreleiar Willy Nesset



Det er snart jul, og eg ynskjer sende ei lita julehelsing til alle som er glade i Ishavsmuseet Aarvak.

Det er med litt vemod eg skriv denne julehelsinga, sidan eg har valt å avslutte perioda mi som styreleiar ved dette fantastiske museet.

Av personlege grunnar fann eg ut at nok er nok no, og det er på tide å la andre og meir kompetente overta denne spennande stafettpinnen.

Gjennom desse åra som styreleiar har eg fått vore med på mykje, og eg og alle som har stått på har ingen grunn til å skamme seg over den utvikliga Ishavsmuseet har hatt.



*Styreleiar Willy Nesset har tatt mange tøffe tak for Ishavsmuseet. Få veit for ein enorm innsats han har gjort gjennom over fem år.*

Det aller viktigaste for meg er alle dei entusiastane som eg har møtt og fått verte betre kjend med. Vi har saman i styret gjort gode grundige vedtak, der samstemmigheita har vore stor. Fantastiske folk alle saman.

Gjennom desse åra har oss fått reist Aarvakhuset, og det er også nokre andre viktige ting eg har lyst å nemne.

Oss har fått bygt på sårt tiltrengt utstillingsareal på Gråbuda (sjølve museet), oss har fått

overtake adm. bygget til Karlsen, og oss har fått stelt og overteke den kommunale grunnen museet står på.

Vi har fått på plass nye flotte utstillingar, vi har inngått viktige samarbeidsavtalar med museer i Norge og Canada, og vi veit alt no at fleire museum rundt om gjerne vil vere i denne polarparaplyen.

Vidare har oss fått opp gradert kjøkkenfasilitetane ihht Mattilsynets krav. Dette har gjort sitt til at museet på ein heilt annan måte no kan ta imot større og mindre grupper, der vi kan vise dei vårt museum, samtidig som dei besökande kan avhalde ein konferanse eller møte på skikkeleg måte.

Vi har fått tilført unike gåver og dokumentasjon, og vi skal no til med ei real restaurering av skuta vår. Vi har fått på plass Brandalskonferansen, noko som må verte årviss, og oss har hatt ugløymane besök av Kronprinsen og Kronprinsessa.

Oss har fått muligkeit til museumsbesök via sjøvegen. Og oss har fått mange viktige bedrifter til å sponse oss i drifta. Oss har dobla omsetninga, fått på plass fondsmidlar, og ser ei veldig positiv utvikling framover.

Dette har oss makta utan fylkes- og statshjelp.

Knallhardt arbeid, gode sponsorar og ei god kommune å jobbe saman med. Eg kunne ha nemnt so mykje mykje meir, men dette er ting som folk veit og ser når dei besøker oss.

Viktig også å nemne er arbeidet med å få på plass vedtekter ihht norsk stiftingslov og regler. Og også vil eg nemne at det aller viktigaste tiltaket oss har gjort no i mi styreleiarperiode, var då oss tok det avgjerande, samrøystes valet å melde oss ut av den lokale museums-konsolideringa.

Dette skapte som alle hugsar masse støy, og det var ei veldig tung tid, ikkje berre for meg, men for mange andre og. Eg skal ikkje utdjupe dette noko meir, berre få takke det politiske og administrative Hareid Kommune og dei trufaste sponsorane våre for å stå last og brast med oss gjennom denne stormen.

Gjennom slike prosessar ser ein kven som bryr seg om kulturelle verdiar skapt av folket her, og eg er sikker på at det som har skjedd og vil skje på museet framover, vil lyfte både museet

og bygda vår til ein stad der folk møtest og folk vil kome for å sjå og oppleve.

Utan blygsel vågar eg seie at dette museet står fram som den viktigaste dokumentasjonsstaden for kyst, fangst og fiske i heile landet!

Den fortel rett og slett om korleis våre forfedre og våre naboar rundt om nytt og hausta naturen, havet og landet, sine ressursar. Og har vore med på å bygge land og folk.

Eg er audmjuk og stolt over å ha fått vore med å formidla dette.

Den viktigaste ressursen for å lukkast, er engasjement, humør, ståpå vilje og tru på prosjektet. Og derfor er alle dei som har lagt ned tid og krefter på museet dei eg har vorte aller mest gla i. Det er med stor audmjukheit eg takkar alle for ein fantastisk jobb og samarbeid!

Dokke er sjølve hjertet og livet for dette museet, og folk anar ikkje kva arbeid dokke og folk før dokke har lagt ned for bygda og kulturen, og ja, Norgeshistoria!

Eg vil sakne timane ilag med dokke, sjølv om eg trur at eg framleis er velkommen til ein kaffikopp eller to på museet, og dele ei ishavshistorie og ei god skrøne no og då.

TUSEN TAKK! Eg håper ingen av dokke misser gnisten, men står på vidare, det skal verte ei frys å fylgje med museet vidare mot nye høgder !

Vi kjenner alle til dei destruktive kreftene som prøver skade museet. La aldri desse kreftene få fotfeste og styring med museet! Dette museet er for stort og for viktig for egoistiske utspel, personleg fokusering og misunning!

Desse kreftene kjenner oss som negative bidragsytarar. Det er ikkje enkelt å stå i front og få masse usaklege skuldingar og personangrep frå slike personar, du misser liksom gnisten når dette heile tida skal ligge der å kverne rundt i kulturarbeidet vårt.

Dette museet treng ein fast struktur og styring i sitt arbeid, og museet må ikkje attende til slik somme ynskjer det!

Tilbake slik det var i «gamle dager». Eg er sikker på at alle med hjerte for dette museet, ilag med venneforeningas 600 medlemmer, er sitt ansvar bevisst og veit å ta vare på dei verdiar som betyr noko. Og eg ber alle legge

seg på minne at i slike saker såg Henrik Landmark seg aldri tilbake!

Han var ein framsynt mann, og eg er sikker på at han hadde fryda seg og applaudert utviklinga. Så kjære ishavsvener, sjå framover!

Men no er det jul og museet er i full aktivitet på mange områder. Mykje skal skje framover vinteren og våren, og folk kan berre gle seg over nye utstillingar, nye opplevingar og mange flotte arrangement. Museet vil berre vekse å gro, og med tolmodig og målretta arbeid, vil museet snart få sin fortente status, eit nasjonalt museum og kompetansesenter! Dette museet fortener ikkje noko mindre! Og dei fortener at du engasjerer deg, ta dej enj tur og ta gjerne eit tak, gi gode tips og råd og vert ein aktiv del av museet!

God jul og Godt nytt år til alle saman!

Takk for meg!

Willy Nessel

## Ishavsmuseet med spanande samarbeid med Svalbard Museum.

Ishavsmuseet Aarvak er i sterkt utvikling og opplever stor interesse frå inn- og utland, og det er med stor glede vi kan offentleggjere at enda eit museum vil knyte seg til vårt polarhistoriske nettverk.

Under ein vellykka polarkveld på Ishavsmuseet fredag 2. november, som hadde fokus på 50 års minne etter Kings Bay ulykka i 1962, vart det signert ein samarbeidsavtale mellom Svalbardmuseet i Longyearbyen og Ishavsmuseet på Brandal.

Ishavsmuseet har lenge hatt ein klar intensjon om og lyfte Ishavsmuseet opp på eit enda høgare og breiare nivå både fagleg og kompetansemessig, og det er viktig for Ishavsmuseet å stå fram som ein sentral aktør blant dei polare samlingane i Noreg.

Ishavsmuseet Aarvak ser på dette som viktig musealt arbeid, der formidling, historie, og samarbeid vil ha fokus. Dette er museumsformidling og museumsarbeid på sitt aller beste!

Denne avtalen styrkar banda mellom desse to musea, og vil vere med på å utvikle musea i ein felles strategi der det høver for forvaltning, forsking, formidling og fornying.

Vidare skal vi samarbeide i og utvikle det faglege nettverket, styrke kompetansen og utveksle informasjon mellom dei to musea.

Viktig vert også styrkinga av den historiske dokumentasjonsbasen og styrke banda mellom dei polare musea i Noreg.

Ishavsmuseet Aarvak er svært nøgde med denne avtalen som vil vere med på å grunnfeste dei planar og mål som museet i Brandal har hatt over tid for å verte ein enda meir sentral aktør i polar Noreg.

Denne avtalen stadfestar også museets grunntanke om formidling av vår viktige polarhistorie, og at vi har sterk fokus på dette.

Saman med vårt tidlegare inngåtte samarbeid med Frammuseet i Oslo og Pier 21 i Canada, er vi sikre på at dette vil utvikle museet vårt, og auke interessa for vår historie og styrke nærheita til vår nære polarhistorie.

Det lyfter statusen til Ishavsmuseet til nye høgder. Og vi er visse på at dette vil gjere oss sterkare i vår satsing på å få den statusen som Ishavsmuseet fortener.

Dette er ein stor dag for oss ved Ishavsmuseet, og vi vil takke Svalbardmuseet ved leiar Tora Hultgren for dette. Når vi etterkvart har fått koordinert oss, skal det nok kome mykje godt ut av både denne samarbeidsavtalen, og dei dei to tidlegare inngåtte avtalane. Polarsamarbeidet består i dag av Frammuseet, Pier 21, Svalbard Museum og Ishavsmuseet Aarvak.



Willy Nessel og Herdis Lien signerer.

## Stimkutter «Jopeter»

(Avskrift frå notat i Ishavsmuseets arkiv, av Anders O. Lillebø).

I 1911 kontraktet Peter S. Brandal en større selfangstskute hos Bolsønes verft, med stimmaskine som blev indsatt i Ålesund. Under byggetiden på verftet skulle jeg se etter som arbeidet skred fram, især med indredningen, jeg bodde da på Fuglesæt nær ved.

I 1912 var skuten klar til å gå på ishavet og jeg mønstret på manskapet, og tok ombord alt som skulle til. Vi kom til isen etter en bra oversigling og med fangsten gikk det bra. Det var interessant med dampmaskin i skuta for vi kunne slå stopp i et knipetak, og likeså slå agterover for et stort isflak, som det ofte var meget av. Så led det på turen vi hadde bra med fangst, og seilte så hjem og losset fangsten i Brandal.

Så var det å gjøre klart til sildefiske på Island. Vi kom til Siglufjord og stanset der. Med fiske gikk det bra, men silda trakk østover til Rødehuk og Svinelitangen. Når det var kuling gikk jeg inn til Røferhamn og tørnet der.

Jeg fikk låne et haglgevær med en gårdbruker, så jeg gikk på rypejakt på Melrakka-sletta, men skodda blev så tjukk at jeg fikk bare 3 ryper.-

Da vi var vel hjemme igjen, gikk jeg til Bergen og solgte silda. Så var det å gjøre alt i stand til sildefiske på Sulahavet. Vi gikk til Kristiansund i desember og tørnet på indre havn. Det blev en lang uversbolk.

Vi var nokre skipper som fikk følge en større stimbåt hjem til jul, og reiste tilbake tredje juledag. Den fjerde juledag var det bra veir, så vi gikk nordover forbi Fyrhaug fyr og fortsatte ut Ramsøyfjorden og kom på sildefeltet før det var mørkt. Vi satte garnlenka og drev hele natten. Det var mange sildedrivere på



samme feltet. Om morgonen da vi drog ind garna var det noe sild. Manskapet tinte silda og la den i rommet. Så greidde dei garna så var dei klare til å sette igjen. Jeg styrte vestover med full fart i maskinen, for det var strøm som bar østover. Nu begynte det å mørkne og nogen vindkast kom plutselig over havet. Så gikk jeg ned i salongen og såg på barometeret og det var kommet ned på storm. Jeg talte da med mannskapet og sa at det var rettast å gå til Kristiansund og selge silda vi hadde i rommet og det var alle enige i, så fikk vi holde nyttår der.

Det blev storm og snekave av W.N.W. og mørkt, så vi seilte med revet storseil og fokke. Nu galldt det å få se land, for vi så ikkje Sletringens fyr og heller ikkje Haugjela fyr på nordre Smøla. Jeg hadde tatt litt peiling på Ramsøyfjorden før stormen kom. Så lettet det litt i snøkaven og jeg fikk land i sikte. Jeg gikk inn Ramsøyfjorden og kom i smulere vatn. Forbi Runingsskjeret og sydover forbi Fyrhaugen fyr og videre hele natten, og kom til Kristiansund kl 4 om ettermiddagen. Vi fekk levere silda nyttårsaften. Dette var en spennende tur som jeg husker godt, men jeg må skrive litt mer om den triste nyttårsdag.

Når vi hadde tørna på hamna og fortøyet godt skuta om kvelden, sa jeg til mannskapet at nu skifter vi på oss hel gekleda våre og så går vi opp i kirken og hører på midnattsgudstjeneste der. Ja alle var enige, og vi hadde en koseli stund der. Når vi kom ut av kirken var det storm med snekave, så det var godt å få komme ombord igjen. Vi køya og sov godt etter denne spennende og farefulle ferd fra sildefeltet.



Jopeter.

# B

Returadresse:  
Ishavsmuseet  
6062 Brandal

Porto  
Betalt P.P  
Avtale  
**617108/7**



## Blåbær

- ❄ god for synet
- ❄ magen
- ❄ og nattesomnen
- ❄ høg konsentrasjon av antioksidantar

Forsking viser at Blåbærkonsentrat har positive verknader på kroppen sitt immunforsvar, og gir betre sirkulasjon i dei tynne blodårene. Dette fordi ekstrakten har ekstra høg konsentrasjon av antocyanar som er dei mest effektive antioksidantane i naturen. Blåberekstrakten er også betennelsesdempande, 1-2 kapslar dagleg.

## Polarolje®

- ❄ god mot ømme, stive ledd
- ❄ styrkjer immunforsvaret
- ❄ regulerar mage-/tarmfunksjonen
- ❄ god for hår og negler
- ❄ ei unik Omega-3 kilde

Kuren mot ømme og stive ledd - utan negative biverknader. Etter meir enn 5 års klinisk forsking syner forskarar ved Haukeland universitetssjukehus og Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES) til oppsiktsvekkjande resultater.

Blåberekstrakt og Polarolje finn du i ein Coop-butikk nær deg, og hos Polargodt AS i Tjørvåg.

Forbrukarkontakt/produsent:

### Polargodt AS

6070 Tjørvåg, tlf 70084262 - fax 70084263  
Arnfinn mobil: 90660438  
arnfinn@polargodt.no  
www.polargodt.no

